



ULSTEIN KYRKJE

*Saman på ferda*



# *Ulstein Sokn*

## *Årsmelding 2020*

Godkjent av Ulstein sokneråd i S-sak 2021/13



DEN NORSKE KYRKJA

*Meir himmel på jorda*



Den Norske Kyrkja

Ulstein sokn

Kyrjekontoret

Sjøgata 61 (Pb. 143)

6067 Ulsteinvik

Tlf.: 70 01 76 80

E-post: [post.ulstein@kyrkja.no](mailto:post.ulstein@kyrkja.no)

Facebook: Ulstein kyrkje

Nettside Ulstein sokn: [www.ulsteinkyrkje.no](http://www.ulsteinkyrkje.no)

Nettside Ulstein nye kyrkje: [www.ulsteinnyekyrkje.no](http://www.ulsteinnyekyrkje.no)

# Innhald

---

|  |    |
|--|----|
| Ulstein kyrkje - Saman i Jesu nærvær.....                      | 5  |
| Ulstein kyrkje - Saman på ferda 2020 .....                     | 6  |
| Ulstein kyrkje - Saman på avstand .....                        | 12 |
| Statistikk .....   | 14 |
| Ulstein sokneråd .....   | 18 |
| Staben i Ulstein kyrkje .....                                  | 22 |
| Diakoni - Saman i teneste for kvarandre .....                  | 24 |
| Kyrkjemusikk - Saman til Guds ære og glede for kvarandre ..... | 30 |
| Undervisning - Saman i læring og praksis .....                 | 34 |
| Barn og unge - Saman for ein trygg oppvekst .....              | 42 |
| Bygg og anlegg .....   | 44 |
| Økonomi .....  | 48 |
| Informasjon og kontakt .....                                   | 50 |

**Forsidebilete:** Stemningsfull avslutning av konfirmasjonstid med i Ulstein kyrkje. Det måtte bli 8 konfirmasjons-gudstenester for at alle kunne få oppleve det med sine næraste på den store dagen. Stor takk til TenSing og mange andre frivillige som stilte opp for å gjere kvar gudsteneste til eit unikt høgdepunkt.



# Ulstein kyrkje - Saman i Jesu nærvær

---

Kvar påskenatt tenner vi eit nytt Kristuslys i Ulstein kyrkje. Lyset er over 1 meter høgt og symbolet på den oppstadne Kristus lyser i alle gudstenester gjennom eit heilt år. Det er i dette lyset vi tenner dåpslys for kvart barn som blir døypt.

Ved adventstid oppdaga vi at lyset hadde brunne ned litt meir enn vanleg. Vil Kristuslyset vare heilt fram til påska 2021?

For å kunne spreie lys må stearinen tærast opp av flammen slik Jesus gav sitt liv for å vere lys i verda. I året 2020 trengte og brukte vi dette lyset ekstra mykje. Kristuslyset var tent ved opne kyrkjetimar, ved dei mange ekstra gudstenestene, det lyste ved innspeling av andakter og musikalske bidrag.

Det var langt færre som kunne kome til kyrkja i 2020, men flamma i Kristuslyset brann for alle som ikkje kunne kome. Det lyste for alle som følgde gudstenester og andakter frå kyrkja på skjermen. Kristuslyset vitna om Jesu nærvær framfor tome benkerader, og lyset gav tryggleik og inspirasjon for dei mange frivillige og for staben som møtte kyrkjelyden på den digitale arena.

I skrivande stund er det ikkje lenge til påska 2021. Korona-pandemien og smittevernsreglane påverkar liva våre framleis i stor grad. Det har vore mange dagar i 2020 der vi trengde Kristuslyset ekstra mykje. Men det er ingen fare for at lyset vil ha brunne opp før vi tenner eit nytt påskenatt 2021. Det vil vare også denne gongen!

*«Lyset skin i mørkret, og mørkret har  
ikkje overvunne det.»*

*Johannes 1,5*

# Ulstein kyrkje - Saman på ferda 2020

---

Ulstein kyrkje har som mål å vere ein kyrkjelyd som når breidt ut til sine medlemar. Gjennom diakoni, musikk, gudstenesteliv, trusopplæring, barne- og ungdomsarbeid og dugnadsarbeid er det mange som bidrar gjennom frivillig innsats. I 2020 var det 389 frivillige som har bidratt. Menneske i alle aldrar gir av si tid og sine krefter og er ein viktig byggestein for det fellesskapbyggande arbeidet i kyrkjelyden. Biletet nedanfor viser folk som stilte opp på ulike oppgåver ein av konfirmasjonsdagane i september.

Frivillig engasjement har også vore nøkkelen for å kunne vere kyrkje på internett. I arbeidet med å utvikle digitale produksjon og direktesendingar har vi fått uvurderleg hjelp av kyndige frivillige for å finne og investere i gode tekniske løysingar, og gi oss opplæring i å produsere gode sendingar frå Ulstein kyrkje. Mange har stilt opp for å dele tankar, musikk og song på nettet og gjennom dette vist at fellesskapen i kyrkjelyden er levande også i krevjande tider.

Særleg viktig har det også vore å oppretthalde gode smittevernrutinar, der vi til tider har behov for ekstra kyrkjevertar og utvida vaskehjelp. Utan all hjelp hadde mykje av kyrkja sitt arbeid vore umogleg å gjennomføre. Ulstein sokn ønsker å vidareutvikle den frivillige arbeidsfellesskapen. Det er viktig at dette framleis er ein god, trygg og inkluderande stad å engasjere seg, der det er opp til den enkelte kva ein ønsker å bidra med. Desse tankane er forankra i både sokneråd, utval og stab.

*Takk for laget i 2020!*



## *Karine Sæter vigsle til diakon*

Vi er velsigna med godt kvalifiserte medarbeidarar i Ulstein kyrkje. I tillegg til ei solid utdanning har Karine også valt å la seg vigsle til ei teneste som diakon. Ein stor dag i hennar liv og ein stor dag for kyrkjelyden som med denne gudstenesta også markerte starten på haustsemesteret for kyrkjelyden sine aktivitetar.



## *17. mai-gudsteneste for heile Søre Sunnmøre*

Med Berge Myrene i spissen fekk vi tidleg utvikle vår kompetanse i å vere kyrkje også på nettet. Innspeling av 17. mai-gudsteneste frå Ulstein kyrkje vart del av Tussa sitt program for heile Søre Sunnmøre. Med teknologien på plass kunne også dei som bur på institusjonane ta del via TV-skjermene sine. Stor takk til Korklubben som bidrog med nydeleg song frå kyrkjetrappa!



## 55 born vart døypte i 2020

Også i 2020 vart det døypt mange born i Ulstein kyrkje. Ofte vart det fleire, litt kortare dåpsgudstenester etter kvarandre. Vi er glade for framleis stor oppslutnad om dåp



## Hjartevarme

Vi fekk i midten av november ein telefon frå kontaktlærar Ingunn Holm Roppen. Ei 10. klasse hadde arbeid med temaet «omsorg for andre». Klassa hadde eit ønske om å strekke ut ei hand til nokon som kunne trenge det, hadde sett seg ut vår Hjartevarmeaksjon, og ville ikkje berre samle inn pengar, men hadde eit ønske om å handle inn si eiga «matkasse», og så gi den vidare. På den måten fekk dei tenkt litt over kva som er fint å ha i jula... og kanskje også kjent litt på korleis det kan vere å ikkje ha anledning til å kunne kjøpe det ein vil. Eit kjempeflott initiativ frå denne klassa! Tusen takk til dei!





## *Julekalender frå Ulstein kyrkje*

Desember er månaden der kyrkja til vanleg er fylt med aktivitet nesten kvar dag. Gudstenester for barnehager, skular, mange konserter, tradisjonsrike gudstenester og anna førar tusenvis av menneske til kyrkja i denne tida.

I 2020 måtte staben tenkje heilt på nytt. Korleis skulle vi klare å formidle julebodskapen på ulikt vis til flest mogleg personar som ikkje kunne kome til kyrkja?

Staben vart kreativ og arbeidet starta for å skape eit juleprogram sendt på YouTube og Facebook, slik at folk nesten dagleg skulle kunne opne ei ny luke med ein liten programbit.

To laurdagar vart det også spelt messingtonar frå kyrkjetårnet slik at folk kunne møte opp i Kyrkjegata for å høyre på. For barnehagene og skulane vart det spelt inn eige program, sidan dei ikkje kunne kome til dei tradisjonelle gudstenestene.

Vi fekk flott respons frå folk som sa seg villige til å bidra, opne heimane sine, syngje ein song, dele eit godt ord eller hjelpe til med handtering av alt det tekniske rundt desse sendingane.



## *Julesonggudsteneste med Fjøresteinane*

Universelt tilrettelagde gudstenester har hatt auka besøkstall dei siste åra. Det er gruppa Fjøresteinane under leiing av Stig Grimstad, som spelar til salmane.

Å oppleve musikkgleda denne gjengen spreier er ei gudsteneste i seg sjølv. I den årvisse julesonggudstenesta i Ulstein kyrkje både spela dei, og leia allsongen. Gudstenesta vart i år streama på Facebook og YouTube, og vi håper mange song med rundt om i stovene!



## *“Om å snu på ein 5-øring”*

Beskjed frå Kulturrådet om Korona-stønad kom veka før konserten “Klassisk jul” fann stad. I likskap med dei andre “Klassisk Jul”-konsertane, var også denne egentlig avlyst. Men da stønaden kom satsa vi for fullt. Sidan dei 50 billettane vart rivne bort, satsa vi i tillegg på streaming av konserten.

Vi sendte også konserten til institusjonane. Engasjementet og viljen til å få til ting på kort tid har vore stor også ved mange andre arrangement i 2020.



## *Betlehemsmarka på kyrkjebakken*

Betlehemsmarka måla av Aina Moldskred Kragseth og Marit Moldskred vart avduka 12.desember. Maleriet er 2,40 m x 1,20 m stort og vart plassert og lyssett utanfor kyrkja – tilgjengeleg og til glede for både små og store til slutten av januar!  
Ved scanning av ein QR- kode kunne ein og få høyre Juleevangeliet opplese av Arnt Ole Grimstad.



*“Då du trudde du hadde hovudrolla i årets julespel,  
men endte opp med vaskejobben ...”*

Vasking og atter vasking ..... og aldri var smilet langt unna :-)

Mange dugnadstimar vart lagt ned av både stab og frivillige for å reingjere kyrkjebenkar og overflater etter kvar aktivitet.



# Ulstein kyrkje - Saman på avstand

*«Vi skal vere ei kyrkje som er tilgjengeleg, synleg og til stades.»  
Det er denne haldninga som har borte oss gjennom eit år som var så mykje annleis enn dei andre åra.*



## Kunsten å vere nær på avstand

Då Korona-viruset trengte seg på oss mars 2020 måtte vi plutsleg passe på avstanden til kvarandre. Vi som er vande med å sitte tett i tett i Ulstein kyrkje skulle plutselig halde 1 meters avstand, syngje forsiktig, ikkje ta kvarandre i handa eller gi ein klem. Vi kunne ikkje kome saman lenger og dei fleste aktivitetar vart sette på vent. Lengselen kom fort – etter fellesskapen, høyre Guds ord saman, syngje salmar og lovsong, ta del i nattverden. Kjenne Guds nærvær i blant oss.

Ville det fungere å vere kyrkje digitalt? Opplive fellesskapen gjennom ei kameralinse og ein mobilskjerm? Ein liten skjerm? Sende gudstenester, andakter og opptak på nett, syngje og forkynde framfor tome benkar, og samstundes vere synleg for alle? Det var ikkje akkurat ein setting dei tilsette var fortrulege med i starten. Med sokneprest Margit Lovise Holte i permisjon og Jørgen Skogestad Kleiven som slutta, var det plutselig mange framande ansikt kyrkjelyden møtte både i kyrkja og på skjermen. Prestevikarane Rolf Schanke Eikum, Matias Austrheim og Stine Margrethe Lerheim – hadde alle gledd seg til å gjere teneste i fullsett kyrkje, men måtte vere prest på nett. Det var ein festdag da Karine Sæter vart vigsla til diakon med biskopen, prosten og mange gjestar akkurat i den korte perioda vi fekk vere litt fleire igjen.

Den største skatten i Ulstein sokn er dei mange, engasjerte frivillige som ikkje er vanskeleg å be om å bidra. At desse var til stades med sine ansikt, sine røyster, sine hjelpande hender - er eit levande vitnesbyrd på at fellesskapen står samla også i ein pandemi. For mange av dei som bur på institusjonane var programmet Ulstein kyrkje sendte til TV-apparata den einaste kontakt med lokalsamfunnet i periodar.

Vi prøvde og feila og såg etter gode forsøk på å skape kyrkje. Men det kunne ikkje erstatte lengselen etter eit synleggjort fellesskap av menneske. Det var svært utfordrande å skulle planlegge gudstenester og arrangement i desember og i julehøgtida, når vi ikkje heilt visste korleis restriksjonane kom til å bli fram mot jul. Resultatet vart ein type adventskalender med mange korte sendingar med andakter og adventsstund, og også overføring av gudstenester og enkelte konsertar som vart streama. Sjølv om mykje vart avlyst i haust, så meiner vi likevel at vi fekk gitt eit godt tilbod til kyrkjelyden, både andeleg og på den reint «kulturelle» sida.

Vi heldt håpet i live, og sjølv om skjerm og sosiale media aldri kan erstatte fellesskapen der vi kan vere saman, på same stad, nær kvarandre, dele ord, songen og sakramenta. Det er til dette fellesskapet Gud har gjeve oss eit løfte om at når vi er saman to eller tre i Jesu namn, då er han midt iblant oss.



### DIGITAL PRODUKSJON:

I samspel med dei frivillige og i lys av nye og ukjente oppgåver vart også arbeidsfellesskapen fornya, utfordra og inspirert. Det var faktisk riktig så gøy på jobb!

# Statistikk

## Gudstenestedeltaking

Vi har med nokre veldig få unntak kunne halde fast ved rytmen med å feire gudsteneste kvar søndag, med få eller til tider - litt fleire deltakarar. Å framleis kunne kome til kyrkja har betydd mykje for mange.

Det har vore eit stort sagn å ikkje kunne feire nattverd i lange periodar. Vi har heller ikkje kunne hatt korsong eller dei store familiegudstenestene vi er vande med. Det er nytt å måtte melde seg på ei gudsteneste eller rekne med å bli avvist i døra når det ikkje er lov å sleppe fleire inn. I tillegg har frykten for å bli smitta eller utsette andre for eventuell smitte ført til at mange ikkje kom til kyrkja. Dei to konfirmasjonshelgene fortøna seg som ein ekte gudstenestemaratton med til saman 8 gudstenester - og generelt måtte alle gudstenester som involverer konfirmantane gjennomførast minst 2 gongar.

| <b>Gudstenester og andakter</b>                 | <b>2017</b> | <b>2018</b> | <b>2019</b> | <b>2020</b> |
|---|-------------|-------------|-------------|-------------|
| Antal gudstenester totalt                       | 81          | 86          | 93          | 98          |
| Deltakarar, gudstenester totalt                 | 15310       | 15126       | 16074       | 7047        |
| <i>Gjennomsnitt pr. gudsteneste</i>             | <i>189</i>  | <i>176</i>  | <i>173</i>  | <i>72</i>   |
| Antal gudstenester, søn- og heilagdagdar        | 60          | 61          | 56          | 34          |
| Gudstenester utanom søn- og heilagdagdar        | 21          | 25          | 37          | 64          |
| Antal gudstenester i soknets kyrkje             | 72          | 74          | 79          | 87          |
| Antal gudstenester på institusjon i soknet      | 5           | 9           | 9           | 4           |
| Antal gudstenester på annan stad i soknet       | 4           | 3           | 5           | 7           |
| Antal gudstenester med nattverd                 | 63          | 62          | 58          | 27          |
| Deltakarar, gudstenester med nattverd           | 5579        | 5418        | 5129        | 1673        |
| Antal familie- og barnegudstenester             | 11          | 12          | 12          | 6           |
| Deltakarar, familie- og barnegudstenester       | 2630        | 3003        | 2714        | 681         |
| Antal gudstenester for barnehagar               | 3           | 3           | 3           | 2           |
| Deltakarar, gudstenester for barnehagane        | 278         | 260         | 244         | 64          |
| Antal gudstenester for skuleelevar              | 3           | 3           | 5           | 1           |
| Deltakarar, gudstenester for skulane            | 1188        | 1194        | 1413        | 44          |
| Antal gudstenester for ungdom                   | 12          | 14          | 12          | 9           |
| Deltakarar, ungdomsgudstenester                 | 2269        | 2733        | 2516        | 1063        |
| Antal gudstenester med dåp                      | 38          | 36          | 40          | 37          |
| Deltakarar, gudstenester med dåp                | 6720        | 6087        | 6620        | 2866        |
| Antal konfirmasjonsgudstenester                 | 4           | 4           | 4           | 8           |
| Deltakarar, konfirmasjonsgudsteneste            | 1925        | 1728        | 1800        | 841         |
| Antal julaftangudstenester                      | 3           | 3           | 3           | 3           |
| Deltakarar, julaftangudstenester                | 1131        | 1028        | 1015        | 288         |
| Antal gudstenester i påska                      | 5           | 5           | 5           | 9           |
| Deltakarar, gudstenester i påska                | 617         | 580         | 656         | 57          |
| <b>Andakter</b> på institusjon eller aldersheim | 76          | 72          | 72          | 72          |

## Ein utvida kyrkjefelleskap


Kyrkjelydsfelleskapen er utfordra når ein kyrkjelyd som til vanleg samlar 170 deltakarar i snitt, må forholde seg til ei grense på 50, 100 eller 10. Når det heller ikkje kan vere kyrkjekaffi, ein ikkje kan ta kvarandre i handa, eller stå og mingle etter ei gudsteneste, har det å skape felleskapsopplevingar vore viktig.

Heilt frå starten av ei lang tid med restriksjonar har det vore målet vårt å la så mange som råd ta del via internett. Ein trufast kyrkjelyd på rundt hundre menneske deltok regelmessig i gudstenester og andakter via streaming på YouTube og Facebook. I tillegg er det fleire som «klikkar seg innom» seinare på dagen eller i dagane etter.


Frå midten av mars 2020 gjekk vi frå 650 til snart 1500 følgjarar på facebooksidea til Ulstein kyrkje.

Statistikken viser at gudstenestedeltaking har gått ned til 72 deltakarar i snitt. Samstundes har strømmen gudstenester og musikkandakter frå Ulstein kyrkje hatt 900 visningar per gudsteneste i snitt. Mange frå andre plassar i landet har også sett og kommentert våre bidrag på nett.


**Tabell 1:** Rekkevidde for innlegg på Facebook. Antal personar som har sett innlegget minst 1 gong.



**Tabell 2:** Reaksjonar, kommentarar, delingar med meir.



**Tabell 3:** Antal personar nådd, som har fått innhald frå eller om Ulstein si Facebook-side på skjermen sin, sortert etter alder og kjønn.



| Kyrkjelege handlingar   | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
|-------------------------|------|------|------|------|
| Dåpshandlingar i soknet | 75   | 61   | 76   | 55   |
| Konfirmerte i kyrkja    | 102  | 92   | 92   | 112  |
| Gravferder              | 34   | 54   | 54   | 52   |
| Kyrkjelege vigslar      | 14   | 15   | 15   | 10   |

## Kyrkjelege handlingar

### Mange born er døypte

Det er ei stor glede at vi fekk gjennomføre dåp av born i Ulstein kyrkje i 2020. Sidan vi ikkje kunne ha så mange personar i kyrkja vart det ofte slik at vi hadde fleire litt kortare dåpsgudstenester etter kvarandre. Dette har fungert godt, men det har krevd meir tid av staben og frivillige. Vasking mellom gudstenestene, registrering og andre smittevernstiltak har vore ressurskrevjande. Dei som ikkje kunne få plass sette stor pris på at dei kunne følgje dåpen på nett eller få opptak.

### Konfirmasjon

I september stod 112 ungdommar til konfirmasjon i Ulstein kyrkje. Vi opplever at oppslutninga om konfirmasjonen er rimeleg stabil.

### Vigslar

Det er gledeleg at også talet på vigslar har halde seg oppe, sjølv om mange har valt å utsette vigslinga til året etter.





| <b>Oppslutnad om Den norske kyrkja</b>               | <b>2017</b> | <b>2018</b> | <b>2019</b> | <b>2020</b> |
|--|-------------|-------------|-------------|-------------|
| Befolkning   | 8555        | 8609        | 8571        | 8575        |
| Medlemar og tilhøyrande i DNK                        | 6588        | 6622        | 6607        | 6641        |
| % medlemar i Den norske kyrkja                       | 77,0%       | 76,9%       | 77,1%       | 77,4%       |
| Innmelde i DNK                                       | 13          | 6           | 8           | 4           |
| Utmelde frå DNK                                      | 28          | 20          | 20          | 21          |
| Fødde i Ulstein kommune                              | 106         | 84          | 108         | 87          |
| Døypte nyfødde som bur i Ulstein kommune             | 72          | 57          | 81          | 55          |
| % døypte av fødde folkeregistrert i Ulstein          | 67,9%       | 67,9%       | 75%         | 63%         |
| 15-åringar (døypte og tilhøyrande*)                  | 112         | 98          | 113         | 119*        |
| % konfirmerte av 15-åringar (døypte og tilhøyrande*) | 91,1%       | 93,9%       | 87,6%       | 94%*        |

\* For konfirmerte i 2020 er tala berekna kun på døypte medlemar, tilhøyrande er ikkje medrekna.



Ulstein kyrkje har hatt ei medlemsauke på 34 personar i 2020 og auka med dette også andelen av befolkning som er medlem i Den norske kyrkja til 77,4%. Det er født 86 born i Ulstein og det er vart døypt 55 born med bustadsadresse Ulstein. At andelen døypte her varierer ganske mykje frå år til år har samheng med at ikkje alle som er fødd i eit kalenderår blir døypt i det same kalenderåret.

| <b>Tal frå anna kyrkjeleg aktivitet</b>           | <b>2017</b> | <b>2018</b> | <b>2019</b> | <b>2020</b> |
|---|-------------|-------------|-------------|-------------|
| Deltakarar, leiarkurs for unge 13-30 år           | 32          | 37          | 22          | 25          |
| Antal kor for vaksne / familiekor                 | 4           | 3           | 3           | 1           |
| Antal kor for barn og unge                        | 2           | 3           | 3           | 3           |
| Antal konserter og kulturarrangement              | 13          | 11          | 19          | 19          |
| Deltakarar på konsertar og kulturarrangement      | 1646        | 2261        | 2544        | 811         |
| Antal konsertar og kulturarr. i regi av andre     | 12          | 5           | 7           | 2           |
| Deltakarar på kons. og kulturarr. i regi av andre | 1523        | 926         | 1111        | 160         |
| Offer/kollekt i kyrkja                            | 417.025     | 389.131     | 432.125     | 273.337     |
| av dette - offer/kollekt til eiga verksemd        | 232.567     | 183.783     | 240.496     | 112.926     |
| Gjevarteneste                                     | 987.400     | 1.171.750   | 676.420     | 557.000     |
| Andre innsamlingar                                | 215.000     | 209.772     | 109.406     | 0           |
| Innsamlingar totalt                               | 1.619.425   | 1.770.653   | 1.217.951   | 942.963     |
| Fasteaksjonen                                     | 90.667*     | 124.129     | 113.184     | 102.728     |

Særs strenge smittevernreglar i 2020 har gjort at det fysiske oppmøtet på konsertar i kyrkja i år berre er på omlag 800 personar. Det digitale frammøtet er stort, men vanskeleg å rekne ut. Omlag 210 frivillige aktørar over 15 år har vore med å bidra musikalsk gjennom kor, band eller med soloinstrument i gudsteneste. I tillegg kjem alle barn og unge under 15 år som har vore aktivt med (t.d. barnekora i Ulstein sokn). Om lag 130 har vore med på planlegging/gjennomføring av konsertar i kyrkja.

# Ulstein sokneråd

*Soknerådet er styringsorganet til den lokale kyrkjelyden, og har det strategiske ansvaret for å vere kyrkje lokalt. Rådet vert valt på nytt kvart 4. år. Inkludert kommunal representant blir soknerådet utvida til Ulstein kyrkjelege fellesråd som har ansvar for økonomi, kyrkjebygg og gravferdsforvaltning. Ulstein kyrkjelege fellesråd er arbeidsgjevar for alle tilsette i kyrkjelyden, utanom prestane.*

## Ulstein sokneråd/Ulstein kyrkjelege fellesråd 2019-2023

### Medlemar:

1. Odd Arne Vikebakk
2. Anne Lise Kleven Godø
3. Karianne Sveen Orvik
4. Hannelore Måseide
5. Bodil Muren Voldsund
6. Lidbjørn Vattøy
7. Karete Malen Nesset
8. Cecilie Frantsen Skeide
9. Sokneprest Margit Lovise Holte

### Varamedlemar:

1. André Sæter
2. Andreas Alexander Felix Sæbø
3. Åsmund Lunde
4. Kristian Osnes
5. Hildegunn Lillebø Fiskerstrand

Sokneprest Margit Lovise Holte hadde permisjon frå 08/20. I permisjonstida er vikarprest Stine M. Lerheim geistleg representant i sokneråd. Sokneprest i Hareid, Lars Hartig-Tangedal er vara for geistleg representant i Ulstein.

### Konstituering:

**Leiar:** Odd Arne Vikebakk  
**Nestleiar:** Anne Lise Kleven Godø  
**Sekretær:** Kyrkjeverje Christfried Kaul

**Ulstein kommune sin representant i kyrkjeleg fellesråd:** Ordførar Knut Erik Engh

**Kommunal vararepresentant:** Stian Lehmann Scheide

## Utval og kontaktpersonar

**Arbeidsutval:** Odd Arne Vikebakk, Annelise Kleven Godø, Cecilie Frantsen Skeide, Margit Lovise Holte, Karete Malen Nesset (vara), Christfried Kaul (sekretær)

**Administrasjonsutval:** Odd Arne Vikebakk, Annelise Kleven Godø, Cecilie Frantsen Skeide, Karete Malen Nesset (vara), Christfried Kaul (sekretær)

**Tilsettere representant:** Bjørn Losvik (til september 2020), Ingrid Madli Sæter (frå oktober 2020)

**Verneombud for dei tilsette:** Johanne Krogstadmo

**Gudstenesteutval:**

Karianne Orvik, Margit Lovise Holte (fram til 31.07.2020), Jørgen Skogestad Kleiven (fram til 30.09.2020), Ståle Helvig, Inge Kaldhol (sekretær)

**Diakoniutval:**

Cecilie Frantzen Skeide, Barbro Leirvik Torvik, Torlaug Sivertstøl, May-Britt Nesse Garnes, Karine Sæter (til november 2020), Mari Ann Vattøy (frå desember 2020).

**Undervisningsutval:**

Karete Malen Nasset, Ingrid Madli Sæter, Bjørn Losvik.

**Kyrkjemusikkutval:**

Øyvin Sønnesyn, Jan Thomodsæter, Ståle Helvig.

**Planutval for nytt kyrkjebygg:**

Harald Nordal (leiar), Jostein Kiperberg, Svein Arne Orvik, André Sæter, Arne Runar Vik, Margit Lovise Holte, Christfried Kaul (sekretær).

**Kyrjekunstkomiteen:**

Øyvin Sønnesyn, Linda Hasund, Hugo Opdal, Margit Lovise Holte, Christfried Kaul.

**Vedlikehaldsutval Ulstein kyrkje**

Lidbjørn Vattøy, Åsmund Lunde, Christfried Kaul.

**Arbeidsgruppe streaming og produksjon av digitale sendingar**

Berge Myrene, Øyvind Hagen Grimstad, Christfried Kaul.

**Kontaktpersonar:**

**Kirkens SOS:** Tørris Hegdal.

**Kirkens Nødhjelp:** Knut Johan Rønningen.

**Det norske Bibelselskap:** Kateket Bjørn Losvik.

**Komité for kyrkjekaffi:** Diakoniutvalet.

**Saker som Ulstein sokneråd / Ulstein kyrkjelege fellesråd har arbeidd med i 2020:**

- Ulstein nye kyrkje – forankring av prosjektet i Ulstein kommune sin langtidsplan for investeringar
- Ulstein kyrkje sitt arbeid gjennom utval, arbeidsgrupper og kontaktpersonar
- Lokal smittevernsreglement for arbeid i Ulstein kyrkje
- Kyrkjelydsarbeid i lys av pandemien
- Utvikling av digitale arbeidsmåter for Ulstein kyrkje på nett
- Rekruttering av kontor
- Tilsetting av kyrkjegårdsarbeidar
- Utlysing kapellanstilling
- Høyring ny kyrkjeordning
- Justering av lokal grunnordning for gudsteneste
- Etablering av minnelund på Osnes kyrkjegård
- Oppstart arbeid for Kulturvernplan for Vik kyrkjegård
- Vedlikehald Ulstein kyrkje (nye dører, nytt oppvarmingssystem)
- Fornyning av utstyr for arbeid på kyrkjegården (ny traktor og tilbehør)
- Tildeling av kyrkjeoffer
- Budsjett og rekneskap

## Ulstein sokneråd 2019-2023



Odd Arne Vikebakk



Anne Lise Kleven Godø



Karianne Orvik



Hannelore Måseide



Lidbjørn Vattøy



Karete Valen Nettet



Cecilie Frantzen Skeide



Bodil Muren Voldsund



Andre Sæter (1. vara)



Andreas Alexander  
Felix Sæbø (2. vara)



Åsmund Lunde (3. vara)



Kristian Osnes (4. vara)



Hildegunn Lillebø  
Fiskerstrand (5. vara)

## Prestar i Ulstein sokn 2020



Margit Lovise Holte  
Sokneprest



Jørgen Skogestad Kleiven  
Kapellan



Stine Margrethe Lerheim  
Prestevikar



Rolf Schanke-Eikum  
Vikarprest



Mathias Austrheim  
Vikarprest

## Tilsette i Ulstein kyrkjelege fellesråd 2020



Christfried Kaul



Johanne Krogstadmo



Ståle Helvig



Bjørn Losvik



Ingrid Madli Sæter



Ranveig Kaldhol



Karine Sæter



May-Britt Nesse Garnes



Mari Ann Vattøy



Fekete Adrienn Mercédesz



Jan Erling Davidsen



Fabrice Irambona



Sarunas Simanavicius



Inge Kaldhol



Vamathevan Sellathamby



Ruben Voldsund

# Staben i Ulstein kyrkje

## Prestar i Ulstein sokn

|                            |                          |        |                         |
|----------------------------|--------------------------|--------|-------------------------|
| Sokneprest                 | Margit Lovise Holte      | 100%   | (Permisjon frå 08/2020) |
| Kapellan / prosteseekretær | Jørgen Skogestad Kleiven | 80/20% | (til og med 09/2020)    |
| Prestevikar                | Stine Margrethe Lerheim  | 80%    | (frå 08/2020)           |
| Vikarprest                 | Kjell Roger Isene        |        | (januar-februar 2020)   |
| Vikarprest                 | Rolf Schanke-Eikum       |        | (mars-juni 2020)        |
| Vikarprest                 | Mathias Austrheim        |        | (oktober-desember 2020) |

## Faste tilsette i Ulstein kyrkjelege fellesråd

|                                  |                        |            |                         |
|----------------------------------|------------------------|------------|-------------------------|
| Kyrkjeverje:                     | Christfried Kaul       | 100%       |                         |
| Sekretær:                        | Johanne Krogstadmo     | 80%        |                         |
| Kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar: | Jan Erling Davidsen    | 100%       |                         |
| Kyrkjegardsarbeidar:             | Sarunas Simanavicius   | 45%        | (til og med 07/2020)    |
| Kyrkjegardsarbeidar:             | Fabrice Irambona       | 100%       | (frå 08/2020)           |
| Kantor:                          | Ståle Helvig           | 100%       |                         |
| Diakon:                          | Karine Sæter           | 15-70%     | (permisjon frå 11/2020) |
| Diakonvikar:                     | Ranveig Kaldhol        | 50%        | (januar-mai 2020)       |
| Diakonvikar:                     | May-Britt Nesse Garnes | 30%        |                         |
| Diakonvikar:                     | Mari Ann Vattøy        | 15-70%     | (frå 11/2020)           |
| Kateket:                         | Bjørn Losvik           | 100%       | (20% permisjon 2019)    |
| Kyrkjelydspedagog:               | Ingrid Madli Sæter     | 100%       | (frå 01/2020)           |
| Klökkar:                         | Inge Kaldhol           | timebasert | (ca. 13%)               |
| Reinholdar:                      | Sellathamby Vamathevan | 27%        |                         |

## Prosjektstillingar:

|                                      |                         |       |                            |
|--------------------------------------|-------------------------|-------|----------------------------|
| Assistent Byggeklossen Open Bhg:     | May-Britt Nesse Garnes  | 20%   |                            |
| Ungdomsarbeidar:                     | Ruben Voldsund          | 10%   |                            |
| Teologistudent frå den Lutherske     |                         |       |                            |
| Kyrkja i Ungarn i Kyrkjelydspraksis: | Adrienn Mercédes Fekete | 100 % | (oktober 2019 - juni 2020) |

## Endringar i staben

Det har vore mange endringar i staben i løpet av 2020, særleg prestetenesta med omsorgspermisjon til kapellan, studiepermisjon til soknepresten og kapellanen som slutta i september, har vore utsatt for mange endringar. Vi har hatt dyktige vikarprestar som har gjort teneste i Ulstein i denne perioden og ikkje minst har Stine Margrethe Lerheim i si første teneste som prestevikar gjort ein strålende jobb frå dag ein.

Men også på fellesrådssida har det vore mange endringar. Ingrid Madli Sæter starta arbeidet som kyrkjelydspedagog i januar, Sarunas Simanavicius slutta som kyrkjegårdsarbeidar i juli og Fabrice Irambona starta som kyrkjegårdsarbeidar august 2020. NAV støtta stillinga hans med 50% slik at han hadde 100% hausten 2020. Med alle ekstraoppgåva i lys av smittevernsreglane er dette ei støtte vi sett stor pris på! Diakon Karine Sæter var delvis eller heilt i omsorgspermisjon, slik at May-Britt Nesse Garnes framleis er delvis inn som vikar. Frå oktober starta Mari Ann Vattøy som vikar i diakonstillinga. Det er god aldersspredning og kjønnsbalanse i staben.

## Vurdering

Staben har vist stor innsatsvilje og fleksibilitet i ei krevjande tid. Målet har vore å fokusere på det vi faktisk kan gjere og planlegge som normalt med lav terskel for å avlyse. Kort vei for å opne opp igjen. Vi har prøvd å oppretthalde aktivitetsnivå og funne alternative måtar å gjere det på. Retningslinjer som har endra seg nasjonalt og lokalt på kort varsel gjennom året har vore utfordrande for den langsiktige planlegginga. Gudstenestelista vart endra ofte og måtte tilpassast. Sjølv om dei tilsette har vore svært fleksible så har dette vore slitsamt i lengda. Å lage nye planer, forskyve eller tilpasse arrangement er tidkrevjande og ein del ting kjem ut av den samanhengen dei vanlegvis står i.



### Å ikkje kunne sjå, men å bli sett av mange

For dei tilsette og andre aktivt medverkande i ei gudsteneste har den digitale arena blitt ein ny del av arbeidslivet. Å stå framfor nesten tome eller av og til heilt tome kyrkjebenkar betyr at ein ikkje står i same samspel med kyrkjelyden. Det er jo kyrkjelyden som feirar gudstenesta saman og blir leia av liturg.

Når ein manglar blikkontakt, tilbakemelding og samhandling får gudstenesta fort preg av å vere ei forestilling. Å ikkje kunne sjå dei ein feirar gudsteneste med, men vite at ein samstundes kan bli sett av mange er ein ny og litt krevjande situasjon. Ved å involvere mange ulike frivillige i oppgåver, og bruke staben som syngjande kyrkjelyd i mange gudstenester, var kyrkjelyden synleg som eit fellesskap med mange ansikt.



# Diakoni - Saman i teneste for kvarandre

*Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste. Den er evangeliet i handling og vert uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd. Behovet for omsorg og nærvær var ekstra stort i 2020.*



**NOKON Å SNAKKE MED**  
3. APRIL MELLOM KL. 14.00 - 16.00



I dag treff du  
Diakon Karine Sæter  
på telefonnummer  
**47 64 42 92**



**Øverst:** Vi kunne ikkje besøke folk, men var tilgjengelege på telefon.

**Nederst t.v.:** Gerd Vik Flø snakka om juletradisjonar og delte sin favorittjulesong i ei av dei digitale kalenderlukene i adventstida. **Nederst t.h.:** Luciadagen 2020. Ei lita gruppe frå Ulstein Ten Sing song i Atriumshagen på Sjukeheimen.



## Vi har ein diakoniplan som synleggjer det diakonale arbeidet i Ulstein sokn. Den er er tufta på dei fire søylene i den norske kyrkja sin plan for diakoni:

- Nestekjærleik
- Inkluderande fellesskap
- Kamp for rettferd
- Vern om skaperverket

## Ulstein sokn har diakon i 100% stilling og eit diakoniutval som består av:

Torlaug Sivertstøl,  
Cecilie Frantsen Skeide og  
Barbro Torvik.

Visjonen for Den norske kyrkjas si diakonale teneste er: «Guds kjærleik til alle menneske og alt det skapte, gjort verkeleg gjennom liv og teneste». Ulstein kyrkje ønsker å vere eit mangfald av møtestadar med nærleik til Gud, lokalmiljø og samtid. Mykje av det diakonale arbeidet i soknet tek sikte på å muliggjere dette.

I mars, då pandemien ramma Noreg, vart alle fagfelt nøyddde til å tenkje på korleis ein på best mogleg måte kunne møte dei nye behov som oppstod i bygda vår i kjølvatnet av den.

I mai slutta Ranveig som diakon etter mange års teneste. Vi er takksame for det arbeidet ho har lagt ned og håper å kunne byggje vidare på det på ein god måte. Karine starta opp som diakon gradvis, og frå juni av jobba ho 70%, medan May-Britt heldt fram i sine 30%. I august vart Karine vigsla som diakon i kyrkjelyden. Ho rakk derimot ikkje å vere der så lenge, då ho skulle ut i morpermisjon. Allereie i oktober starta Mari Ann Vattøy som vikar.

Før pandemi-tid:

**Besøksteneste:** Det vart utført ca. 20 besøk før lock-down.

**Stille time:** Det var rom for lystenning og bøn i kyrkja ca. annankvar mandag kveld fram til mars.

**Internasjonal kvinnegruppe:** Damene samla seg annankvar tysdag til fellesskap og bøn.

**Andakter på Ulstein sjukeheim og Bygdestova:** Andaktene vart som vanleg gjennomført kvar veke til glede for dei som hadde den og dei som høyrde på.

-----

I mars 2020 ramma pandemien oss, og vi vart pålagt å avlyse aktivitetar på rekke og rad: Kyrkjelydsweekend på Orreneset i vår vart avlyst, deretter fellesskapsmåltidet etter gudsteneste skjærtorsdag, sommarfesten på Kjeldsund og gudsteneste med universell utforming. Internasjonal damegruppe vart også avlyst ein lita periode, men var oppe og gjekk igjen før sommaren.

Saman med resten av staben hadde vi møte på nettet kvar dag og vi vart veldig aktive på Facebook og YouTube. Innanfor diakonien vart følgjande tenester oppretta:

**Telefonvakt:** Vi var tilgjengelege på telefon i gitte tidsrom for folk som hadde behov for å prate. Det vart ikkje så mykje nytta, men vi opplevde at det var av verdi.

**Forbønsteneste:** Ei gruppe frivillige var med å be kvar dag. I starten vart det bedt kvar dag i 1 time av to ulike forbedarar og frå mai av vart det bedt ein halvtime kvar dag av ein forbedar.

**Andaktene på Ulstein Sjukeheim og Bygdastova:** Vi kunne ikkje lengre kome og halde andakt slik vi var vande med, men det vart raskt oppretta digital streaming. Andakta vart spelt inn i kyrkja og sendt direkte både til tv-kanal på Ulstein sjukeheim, Bygdastova og til Facebook.

**Telefonkontakt:** Både sorgoppfølginga og besøkstenesta måtte utførast på telefon.

**Stille time:** vart arrangert i form av opa kyrkje med moglegheit for stillheit og forbønn. Det vart arrangert fleire "Stille timar" enn vi pleier, blant anna to i påska.

Hausten 2020 vart også i større eller mindre grad prega av pandemien. Eldresamlinga under trebåtfestivalen vart avlyst, men andaktene på Ulstein Sjukeheim og Bygdastova var vi no i full gang igjen med sidan før sommaren, noko som hadde vore etterlengta både for bebuarane, organist og dei som heldt andakt. Vi fekk også gjennomført følgande:

**Vigsling av diakon Karine Sæter:** Vigsling gjekk føre seg i oppstarts-gudstenesta, som og var første familiegudsteneste siden pandemien braut ut. Korklubben var med og song.

**Allehelgenshelg m/minnesamling, Opa kyrkje og Allehelgensgudsteneste:** Mange av dei sørgande hadde opplevd restriksjonar, som førte til at dei ikkje fekk sjå sine kjære så mykje som dei ønskte då dei låg på det siste. Det var også begrensa kor mange som fekk kome i gravferda. Difor vart desse arrangementa spesielt viktige i rå, og det kom 75 inviterte til minnesamlinga.

**Invitasjon til sorggrupper.** Det vart også invitert til sorggrupper i 2019, med oppstart i 2020, men det var ingen som meldte seg på.

Diakonen deltok på arbeidsmøte om levekårsplanen.

**Sjelsorgssamtalar:** Gjekk fra å vere på telefon, til å vere i kirka, til å vere på kontoret.

**Stille time m/ keltisk kveldsbønn** vart arrangert 3 gongar i haust.

**Bøn og lovsong:** Ei bønegruppe arrangerte bøn og lovsong fire gongar i haust. Det kom ca. 20 personar kvar gong. Det er tydeleg at dei har treft eit behov i kyrkjelyden.

**Internasjonal kvinnegruppe:** Annakvar veke.

**Kyrjekaffi** starta opp igjen, men måtte avlysast igjen i smittebølge nummer to i november.

**Nytt diakoniutvalg vart starta** med Torlaug Sivertstøl, Cecilie Frantsen Skeide og Barbro Torvik, i tillegg til diakoniarbeidarane. Dei var ein stor ressurs i Allehelgenshelga.

Diakonien har også hjelpt litt til med trusopplæringa.

**Gudsteneste med universell utforming:** Denne gudstenesta fekk vi gjennomført den 10. desember. Då vi i år grunna Covid-19 ikkje kunne samlast meir enn 50 personar, heimehøyrande i kommunen, måtte vi ha påmelding. Det var litt spennande å sjå om nokon kom, då ein i åra før har hatt meir besøk frå nabokommunene enn frå Ulstein. Men 47 stk møtte, og vi hadde ei herlig stund med song og musikkglede anført av Fjøresteinane. Dei leia både allsongen, og hadde eigne avdelingar. Mulig vi må fortsette med påmelding!

I samråd med kommunelege og omsorgsetaten fekk diakonvikar gått på nokre **heimebesøk** i november og desember, etter gjeldande smittevern-omsyn. Dette var kjærkome for menneske som har vore isolerte veldig lenge.

Det vart eit år for å tenke nytt. For å framleis kunne ha ei levande kyrke, og sidan vi ikkje kunne samlast så mange i kyrkjerommet, måtte kyrkja nå ut gjennom digitale sendingar. I høve den digitale adventskalenderen, vart enkelte i kyrkjelyden vår utfordra til å snakke om sine juletradisjonar, og dele ein kjær julesong. Vi hadde også ei andaktsstund kvar søndag i desember som vart sendt digitalt. Tilbakemeldingane har vore gode.



Vi fekk ordna det slik at ei lita gruppe frå Ulstein Ten Sing fekk kome inn i atriet på sjukeheimen på Luciadagen. Dei song både Luciasongen og andre julesongar for dei som hadde høve til å samle seg i allrommet - men dei song også for bebuarane som ikkje hadde høve å gå ut av rommet sitt. Dette vart ei sterk og fin stund for alle involverte.

Ingrid Nerhoel og diakonvikar Mari Ann Vattøy hadde adventssamlingar i Halsekerdalen 20, og i omsorgsleilighetene på Sjøsidea, rett før jul.

Diakoniarbeidet i 2020 vart på mange måtar veldig annleis enn tidlegare år. Det vart mykje prega av avlysingar og nytenking. Heldigvis ser vi at sjølv om det såg annleis ut, så var det ikkje mindre viktig, snarare tvert om. Kyrkjias omsorgsteneste blir desto meir viktig når pandemi og usikkerheit møter oss.

### Hjartevarmeaksjonen

Hjartevarme vart også i år gjennomført i samarbeid mellom Nykyrkjekarane, Frivilligsentralen og soknet. Dette samarbeidet fungerer fint. Og saman står vi sterkare! Nykyrkjekarane gjorde ein kjempefin innsats med å samle inn pengar og hente inn varer frå butikkane og Frivilligsentralen og Ulstein sokn reklamerte for tilbodet på best mogleg måte. Både lokalavisa og sosiale kanalar vart nytta i informasjonsarbeidet. Det vart delt ut 70 rause matkasser, og mange fine julegaver. Privatpersonar, skuleklasser, lokalt næringsliv og kommunen var saman behjelpelige med å kjøpe matvarer, og gje si økonomiske støtte. Siste laurdagen før jul gjorde Nykyrkjekarane ilag med Ulstein TenSing ein super innsats med å dele ut flyers på dei to kjøpesentra i byen. Det viste seg å vere veldig effektivt. Dette er særst givande arbeid å vere med på, som vi håper er kome for å bli.

### Saman om misjon

Ulstein kyrkje har eit samarbeid med NMS som arbeider med fleire prosjekt i Midtausten. Desse prosjekta er TV-stasjonen SAT7, ein kristen bokhandel i Kairo og det kristne senteret Anafora i Egypt. Gjennom kollekten gir Ulstein sokn fleire gonger i året til desse prosjekta. Det er også mange i kyrkjelyden som har ein gjevaravtale og gir gjennom denne til prosjektet. Koronakrisa har ramma Midtausten hardt. Før sommaren 2020 starta organisasjonen Samarbeid Menighet og Misjon (SMM) ein ekstra innsamlingsaksjon der Ulstein kyrkje bidro med kr. 12.000,- i form av innsamla midlar.

Globalløpet som Sunnmøre Folkehøgskule arrangerer kvart år, er knytt til ei gudsteneste. Kyrkjelyden er engasjert i løpet og opplegget rundt, som leverer viktige bidrag til utviklings- og utdanningsarbeid i Tanzania.

Gjennom kollekt bidreg soknet også til misjonsarbeid i Kambodsja der Karen og Anders Myrene gjer teneste som misjonærar.



*Foreldre og barn  
- Saman i barnehagen*



I morgen er vi open frå 09-15 🎉  
Babysong kl 12 🎵 Maks 10  
voksne påmelding under.  
Velkommen 😊



## Byggeklossen Open Barnehage

Som einaste barnehage i Ulstein som type «open barnehage» er Byggeklossen eit viktig tilbod for eit mangfald for foreldre med born under skulealder. At foreldre og barn tek del saman i tilbodet gir foreldre ein unik muligheit til å sjå barna sine i samspel med andre barn. Som eit opent tilbod er Byggeklossen open barnehage også ein viktig faktor for nettverksbygging og integrering for unge foreldre.

I 2020 skifta vi til tysdag som fast opningsdag. Annankvar tysdag er det tilbod for dei minste om Babysong, og dette er eit populært tilbod.

Byggeklossen har både årsplan og semesterplan, er regulert av Lov om barnehagar og Rammeplan for barnehagar, og er drive etter utvida kristen formålsparagraf. Ved sida av det pedagogiske tilbodet med formingsaktivitetar, samlingsstunder, song, forteljarstund og presentasjon av nokre bibelfortellingar, er det uformelle samværet ein viktig del av konseptet.

Som eit opent tilbod har Byggeklossen merka tydeleg at Korona-pandemien har gjort mange forsiktige. Sjølv om det er godt innarbeidde rutinar i forhold til smittevernsreglane, er det jo ikkje mogleg med kohortinndelingar. Det har ført til veldig lave oppmøtetall, men det har likevel alltid vore nokon som har benytta seg av tilbodet.

### Bemanning

May-Britt Nesse Garnes har ansvar for gjennomføring av opningsdagane medan kateket Bjørn Losvik har eit overordna pedagogisk ansvar. Som opent tilbod er barnehagen også ein viktig del av diakonal satsing på familiar i Ulstein. Diakonane hjelper også til ved enkelte aktivitetar i Byggeklossen open barnehage.

Sjølv om mange av pensjonistane som er frivillige hjelparar har tatt ei pause under Korona-pandemien er det alltid nokon som møter opp for å hjelpe. Det er vi svært takksame for!

## Opningstider

Barnehagen, nede på Fredheim:

Etter sommar:

Tysdag kl. 09.00 - 15.00

Babysong, oppe på Fredheim:

Annankvar veke.

kl. 12:00 - 13:00



# Kyrkjemusikk - Saman til Guds ære og glede for kvarandre

*Musikken i kyrkja ber ordet ned i djupe lag i oss, dit det talte ordet ikkje når. Tonane går forbi alle unødvendige intellektuelle sperrer, og hjelper menneske å ta imot som born. Samspelet mellom musikken, budskapet og kyrkjeromet opnar for innsikt og opplevingar mange set pris på. Besøkstalet på fysiske og digitale musikkarrangement vitnar om det.*



## Song/musikk/kulturarrangement i Ulstein kyrkje 2020

|              |  |
|--------------|--|
| <b>Feb</b>   | 5 forestillinger - Den kulturelle skulesekken                                    |
| <b>03.02</b> | Musikkandakt - Bøne- og Lovsongkveld   |
| <b>05.03</b> | Konsert 1 v/ Ståle Helvig - Beethoven 250 år                                     |
| <b>09.03</b> | Musikkandakt - Bøne- og Lovsongkveld   |
| <b>04.06</b> | Konsert II v/ Ståle Helvig - Beethoven 250 år                                    |
| <b>14.09</b> | Musikkandakt - Bøne- og Lovsongkveld   |
| <b>12.10</b> | Musikkandakt - Bøne- og Lovsongkveld   |
| <b>01.11</b> | Konsert - Jazz og Korall   |
| <b>09.11</b> | Musikkandakt - Bøne- og Lovsongkveld   |
| <b>12.11</b> | Konsert III v/ Ståle Helvig - Beethoven 250 år                                   |
| <b>14.11</b> | Konsert - Musikklaget Ulf  |
| <b>20.11</b> | GospelNight - Ulstein TenSing  |
| <b>26.11</b> | Konsert - Ulstein Kulturskule  |
| <b>05.12</b> | Konsert - Messingtonar frå kyrkjetårnet  |
| <b>05.12</b> | Konsert - "Klassisk jul" m/ Bror Magnus Tødenes<br>og Ida Katrine Hagen Johansen |
| <b>12.12</b> | Konsert - Messingtonar frå kyrkjetårnet  |
| <b>22.12</b> | Konsertar - Julenattiné på Sjøborg Kulturhus                                     |

## Kordeltaking/solosong/ekstra instrumental i gudstenester

|                                 |    |
|---------------------------------|----|
| Ulstein Tween Sing              | 2  |
| Korklubben                      | 6  |
| Ulstein Ten Sing                | 1  |
| Gospelkoret K/M                 | 2  |
| Solosong                        | 17 |
| Songgruppe vaksne               | 14 |
| Ekstra instrumental/band        | 8  |
| Fjøresteinane                   | 2  |
| Hasund Dimna U.                 | 1  |
| Ulstein mannskor                | 1  |
| Con Moto                        | 2  |
| SUFH-gruppe med band            | 1  |
| Forsongarar dig. gudst./andakt  | 12 |
| Ekstra instrumental/ dig. arena | 2  |

## Digitalt kulturprogram:

|       |   |
|-------|---|
| 31.03 | Pianomeditasjon - Bjørnar Hovlid  |
| 01.04 | Pianomeditasjon - Bjørnar Hovlid  |
| 02.04 | Konsert - Orgelkonsert  |
| 08.04 | Konsert - Orgelkonsert  |
| 12.04 | Songkveld - Påskesong. Salme-ynskje   |
| 13.04 | Songkveld - Reprise Påskesong   |
| 29.11 | Adventskalender - Andakt/val av salme v/Stine M. Lerheim og Mari Ann Vattøy |
| 02.12 | Adventskalender - «Nå er den hellige time» Bjørnar Hovlid med familie       |
| 06.12 | Adventskalender - Andakt/val av salme v/Mathias Austrheim                   |
| 09.12 | Adventskalender - Andakt/val av salme v/Stine M. Lerheim                    |
| 10.12 | Adventskalender - Pianoimprovisasjon ved Bjørnar Hovlid                     |
| 13.12 | Adventskalender - «Lucia-songen» Øyvind Hagen med familie                   |
| 14.12 | Adventskalender - Andakt/val av salme v/Margit Lovise Holte                 |
| 16.12 | Adventskalender - «Min salme» v/Gerd Vik Flø                                |
| 17.12 | Adventskalender - Tensingproduksjon med eigen nylaga song                   |
| 18.12 | Adventskalender - «Min salme» v/Fabrice Irambona                            |
| 19.12 | Musikkandakt - «Vi syng jula inn» på youtube-kanal                          |
| 20.12 | Adventskalender - Andakt/val av salme v/Mathias Austrheim                   |
| 22.12 | Adventskalender - «Min salme» v/Mari Ann Vattøy                             |
| 23.12 | Adventskalender - «Min salme» ved Magne og Birgitte F. Grimstad             |
| 24.12 | Musikkandakt - Reprise av «Vi syng jula inn»                                |

## Om aktivitetar Korklubben og Ulstein Tween sing (Utdrag frå årsmeldinga til kora):

|              |   |                       |
|--------------|---|-----------------------|
| <b>19.1</b>  | Gudsteneste i UK  | Korklubben            |
| <b>29.2</b>  | UKM, Sjøborg  | Tween Sing            |
| <b>01.03</b> | Gudsteneste i UK (avslutningsgudsteneste Dåpsskulen)    | Korklubben            |
| <b>15.05</b> | Oppdak 17. mai-gudsteneste                              | Korklubben            |
| <b>23.08</b> | Oppstartgudsteneste UK                                  | Korklubben            |
| <b>04.10</b> | Gudsteneste i UK. Hausttakkefest                        | Korklubben            |
| <b>15.10</b> | Kveldsgudsteneste i UK. Utdeling av biblar, 5. klassene | Gruppe frå Tween Sing |
| <b>29.11</b> | Familiegudsteneste i UK                                 | Gruppe frå Tween Sing |
| <b>03.12</b> | Konsert SUFH  | Tween Sing            |
| <b>24.12</b> | Julaftangudsteneste på Sjøborg                          | Korklubben            |

## Medlemer av utvalet:

Øyvinn Sønnesyn,  
Jan Thormodsæter  
og Ståle Helvig

## Arbeidet gjennom året.

Kyrkjemusikkutvalet har hatt 3 møte. I tillegg har utvalet vore med på 1 møte i kyrkjespelkomiteen. Kyrkjespelkomiteen har hatt 2 møte. Den musikalske aktiviteten har vore stor og mangfaldig. Arbeidet med julenattinè har utgjort mykje av arbeidet i utvalet. Oversikt over "synleg" verksemd:

### Økonomi

Utleige av kyrka til konsertar i 2020 har, naturleg nok, vore godt under gjennomsnittet. I februar/mars leigde fylkeskommunen kyrkja til ei kulturell vandring i kyrkja for ungdomsskuleelevar, i regi av «Den kulturelle skulesekken». Dette har gitt noko inntening.

Soknet fekk i år innvilga kr. 50.000 av Norsk Komponistfond/kulturråd til dekking av komponering av musikk materialet til kyrkjespelet som er planlagt gjennomført mars 2022.

Soknet fekk også dekkja underskotet på 3 konsertar i haust/vinter frå Norsk kulturråd. Dette var ekstra midlar som den norske stat bevilga på grunn av strenge korona-tiltak. Det vart difor ikkje noko økonomisk overskot på desse konsertane: Jazz og Koral, konserten "Klassisk Jul" med Bror Magnus Tødenes og Ida Katrine Hagen Johansen den 6. desember og Julenattinè 2020 på Sjøborg Kulturhus.

## Vurdering av arbeidet

### Barnekorarbeidet (delvis henta frå årsmeldinga til barnekora).

Ulstein sokn har ansvar for 2 kortilbod: Korklubben (30 betalande medlemar i 2020) og Ulstein Tween sing (24 betalande medlemar i 2020).

Tween Sing hadde få opptrinn dette skuleåret, men var med på UKM-mønstringa på Sjøborg. Der var dei først på programmet.

Mari Haugen Lunde og Andreas Lunde takka av som korleiarar i Ulstein Tween Sing i mars 2020. Etter det måtte koret avslutte vårsemesteret på grunn av korona-pandemien. Koret måtte da ta ein pause fram til oppstart hausten 2020. Frå oppstart 24. september 2020, overtok Arnt Ole Grimstad, Lars Erling Hovlid, Bjørnar Hovlid og Ståle Helvig som leiarar i Ulstein Tween Sing.

Korklubben måtte også avslutte aktivitetane etter 12. mars 2020. Koret hadde ei samling 4. mai for å øve inn songar til opptak til 17. mai-gudstenesta. Opptaket av 17. mai gudstenesta vart gjort 15. mai, og vart sendt til eit stort publikum gjennom Tussa sine offisielle kanalar. Hausten 2020 gjennomførte Korklubben dei fleste øvingane, men svært få opptrinn, i forhold til normalår.

Felles for begge kora var at dei dette året ikkje kunne gjennomføre/delta på seminarer, konserter eller felles-overnattingar. Året 2020 vart difor ganske amputert i forhold til tidlegare år.

### Konsertverksemd i eigen regi.

Det er etter kvart blitt etablert nokre «faste årlege konsertar» i Ulstein kyrkje: Orgelkonserten onsdag i den «stille veka», Ulstein Mannskor sin konsert under «Smak av Ulstein», «Jazz og Koral» Allehelgensdag, kulturskulekonserten i adventstida, «Vi syng jula inn» 3. søndag i advent, og Julenattinè 22. desember.

I år måtte mannskorkonserten i juni avlysast. Orgelkonserten onsdag før skjærtorsdag og «Vi syng jula inn» vart send digitalt, medan «Jazz og Koral», Kulturskulekonserten og Julenattinè 2020 vart avholdt «fysisk» med sterkt avgrensa publikumsframmøte, i henhold til smitteverntreglar.





2020 var eit godt år for utprøving av kammermusikk-formatet. Kantor Ståle Helvig heldt 3 Beethoven-konsertar i kyrkja i høve Beethoven-jubiléet, og det nye pianoet i kyrkja. Oppmøtet på desse konsertane var opp imot maksimalt av kva smittevernreglane gav høve til.

Mykje av møteverksemda for kyrkjemusikkutvalet har gått til planlegging av Julenattiné 2020. I år var det 23. året julenattineen vart gjennomført. Konsertane vart denne gongen avholdt på Sjøborg kulturhus, med om lag 350 betalande tilskodarar. Også dette året klarte utvalet å vise mykje av breidda av musikklivet i Ulstein. Det var 6 nye solistar dette året. Orkesteret bestod av 6 musikkarar.

Ei nyskaping i 2020 som følgje av Korona, var «Messingtonar frå kyrkje-tårnet» i adventstida der 5 messingblåsarar frå musikklaget ULF stod for musikken. Signala frå aktørane er at dette må ein gjere til ein tradisjon, slik det er lenger sør i Europa.

### **Musikk i gudstenestene**

Elles er mykje av det musikalske engasjementet i kyrkja også dette året kanalisert gjennom gudstenestene. I 2020 vart dette musikalske engasjementet viktigare fordi dei strømma gudstenestene også kravde forsongarar. Dette viser igjen i talet på musikkdeltaking. Men antal gudstenester med kor-deltaking gjekk ned i 2020, fordi vaksenkora la ned si verksemd i store deler av 2020 pga smittevernreglar.

### **Nytt kyrkjespel**

Grappa som har arbeidd med dette er medlemmane i kyrkjemusikkutvalet, Dagfinn Olav Bye (regissør), Jan Ove Ulstein (forfattar) og Christfried Kaul.

Arbeidet med nytt kyrkjespel har kome betrakteleg lengre, i og med at vi no sit med eit ferdig nedbetalt manuskript og musikk ferdig finansiert, skreve av Henning Sommerro. Spelet er tablå-messig utforma, og ber preg av å vere syngespel. Kor og skodespelarar er per dags dato på plass, og planen er å framføre det på Sjøborg laurdag 19. mars 2022.

### **Kyrkjemusikk i ei pandemi-tid**

12. mars 2020 vart eit stort vegskille for kyrkjemusikkdrift. Brått vart det slutt med interaksjon mellom kyrkjelyd og musikkledsagarar. Brått vart det kommunikasjon via streaming/overføringar. Fellessongen fall ut, forsongarar vart viktige. Konserten med publikum til stades vart erstatta av «konsertsnuttar» med kamera/kamerastyrar som einaste publikum. Aktørane måtte sjølv «lage» atmosfæren, og situasjonen med direkteoverføring kjentes ukonfortabel pga mangel på angreknapp, og den nye kjensla av at det ligg «i skyen» uansett kvalitet. Stivbeinte rettighets-reglar om åndsverk utilpassa situasjonen landet er/var i skapte stor usikkerheit rundt kva som var legalt å legge ut på nettet, og rapporteringskravet til TONO skapte mykje meirarbeid for tilsette. Kostnadane vart også betydelege.

Men det har også vore gevinstar i 2020: Dei frivillege interaktive musikalske bidraga har vore mange og varierte. Antal musikalsk frivillige har slik heldt stand i 2020. Kyrkjemusikken har aldri nådd ut til så mange. Det er tydeleg at ein lokalt set pris på å få med seg det som skjer i ulsteinkyrkja. Det har vore ei kjærkomen og nødvendig kompetanseheving når det gjeld produksjon av sendingar. Soknet har også gjort nødvendige investeringar.

### **Kantor si rolle i trusoplæring/kontakt med skulane**

Dei siste åra har kantor fått ein større og større rolle i trusoplæringstiltaka i soknet. I 2020 vart fleire trusoplæringstiltak avlyst. Kantor var difor berre med på dåpskula for 6-åringar, 1 konfirmantleir, og «nytt liv». Besøk i skuleklassar har det ikkje blitt i 2020.



# Undervisning - Saman i læring og praksis

*Trusopplæringa: Vi ønskjer å stå saman med familiene i løftet om å la barna få leve og vekse i den kristne trua. Vi legg vekt på å lage gode arrangement, der barna føler seg sett og trygge. På arrangementa vil vi ha fokus på fellesskap og på å gje dei unge kjennskap til kyrkja, høgtidene, kristen tru og tradisjon.*



**UTE I KRINSANE:** Trusopplæringstiltaka «Skapt» og «Nytt liv» for sju-åringane er noko av det kjekaste vi gjer, mellom anna fordi det finn stad ute i kvar skulekrins. Etter at Noreg var nedstengt vinteren 2020, var vi glade for at vi fekk avvikla desse tiltaka høvesvis i mai og oktober.

## Tilbod på ulike alderstrinn:

Dåpssamtale.

Babysong.

1 år: Dåpshelsing m/ bilete.

2 år: Samling m/ song, utdeling av spisebrikke og lunsj.

3 år: Dåpshelsing.

4 år: Undretur og gudsteneste. m/ utdeling av "Mi kyrkjebok".

5 år: "Sauen som vart borte".

6 år: Dåpsskulen.

1. kl.: Skapt (Ute i krinsane).

2. kl.: Nytt liv! (Ute i krinsane).

3. kl.: Tårnagent i kyrkja.

5. kl.: Bibelutdeling / kode B.

6. kl.: LysVaken, eit døgn i kyrkja.

9. kl.: Konfirmantundervisning.

15-18 år:

- Drypp ungdomsgudsteneste

- MILK-kurs

- Leiertrening på leir

- Alive-festival

- Ulike tilbud i samarbeid med ungdomsorganisasjonar.

## Trusopplæringa i Ulstein sokn

Arbeidet med å vidareutvikle eit godt tilbud for ei systematisk trusopplæring heldt fram i 2020. Kyrkjelyden har eit rikt tilbud av kontinuerleg barne- og ungdomsarbeid som er eit viktig supplement til trusopplæringstiltaka.

Mange er med i det kontinuerlege arbeidet og saman med eit aktivt familiegudstenestetilbod skjer trusopplæringsarbeidet gjennom mange kanalar.

### Koronatid

*12. mars 2020, dagen Noreg stengte ned, var også dagen då Ulstein kyrkje skulle arrangere Tårnagent-dag for 9-åringar. Vi starta arbeidsdagen med å rigge opp utstyr i kyrkja og på Fredheim, men gjekk raskt over til å ringe rundt til foreldra for å informere om avlysing. Dagen vart eit brått møte med ein ny arbeidskvardag som skulle prege oss lenge.*

Vårsemesteret 2020 vart målet å utsette, ikkje avlyse, flest mogleg trusopplæringstiltak. Likevel gjekk det raskt opp for oss at alt vi utsette skal takast opp att, samtidig som vi skal arrangere stadig nye trusopplæringstiltak. Vi sette difor fokus på å gjennomføre på alternative måtar, anten digitalt, eller ved å køyre ut og levere (slik som med fireårsboka), eller ein kombinasjon av dei to. Fire tiltak vart ikkje gjennomført i 2020, dei andre tiltaka vart gjennomført anten «live» eller digitalt. På dei tiltaka som vart gjennomført «live», ser vi at deltakartal er ganske stabilt og jamnt samanlikna med åra før.

Etter litt startvanskar fekk altså den digitale kompetansen ein brå oppsving. Ulstein sokn kjøpte ein god del utstyr som vi kunne bruke til å lage digitale alternativ. Staben i Ulstein sokn fekk opplæring i filming, videoopptak, redigering, streaming og sending av digitale opptak. Dette har vore nødvendig for å kunne få til dei Trusopplæringstilboda vi har hatt.

### Eksempel på tiltak som vart løyst digitalt:

- Noko av det første vi måtte kaste oss rundt og finne digitale løysingar på, var den årlege Fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp (KN) som skulle gå av stabelen tysdag 31. mars. Den tradisjonelle dør-til-døraksjonen vart istaden innsamling via Facebook, med fokus på filmsnuttar laga lokalt og digitale konsertar arrangert av KN sentralt. Ulstein sokn samlar vanlegvis inn 90.000-100.000 kroner i Fasteaksjonen. I 2020 vart resultatet litt over 81.000,- kr. Det er eit godt resultat sett i lys av dei særskilte omstenda.
- Digital konfirmantundervisning der vi våren 2020 møtte ungdommane og snakka med dei på digitale plattformer, før dei såg undervisningsfilmar som vi i staben produserte. Det vart laga ny undervisningsfilm ca. annakvar veke i ein periode, i tillegg til arbeidsoppgåver som skulle leverast digitalt, og kahoot.
- Innspeling av filmar med påsketema for born.
- Innspeling av gudsteneste og anna digitalt opplegg i samband med utdeling av fireårsbok. Fireårsbøkene vart for øvrig kjørt ut til alle fireåringar, og vi fekk slik delt ut boka til alle fireåringane på årskullet.
- Innspeling av skulegudstenestene som i desember 2020 ikkje let seg gjennomføre på vanleg vis. Dette vart i dialog med skulane gjort om til julesendingar frå kyrkja, også der med tilhøyrande kahoot. Ein positiv ting med dette er at det gav oss moglegheita til å differensiere, og lage målgruppetilpassa innspelningar til 1.-4. klasse, 5.-7. klasse, og til ungdomsskulen.



*Konfirmanttida i Ulstein  
byr på leir, gudsteneste,  
diskusjon,  
undervisning, bibel, bøn,  
lystenning, leik,  
fellesskap,  
gode opplevingar  
... og mykje meir!*





## Konfirmasjon

Laurdag 5., søndag 6., laurdag 12. og søndag 13. september 2020 stod 112 ungdommar til konfirmasjon i Ulstein kyrkje. Vi opplever at oppslutninga om konfirmasjonen er rimeleg stabil. I følgje «Plan for trosopplæring – Gud gir, vi deler» skal konfirmanttida innehalde 60 timar med aktivitetar: Undervisning, gudsteneste og sosiale samlingar. I Ulstein sokn blir dette gjennomført med:

- **Undervisning:** Samlingar i kyrkja og på Fredheim (to store samlingar i haustsemesteret, knytt opp mot presentasjonsgudsteneste i november og lysmesse i desember).
- **Gudstenestedeltaking.** I tillegg til gudstenester som alle konfirmantane skal møte på, skal dei i tillegg velje nokre gudstenester sjølv.
- **Konfirmantleir.** Ein god del av undervisninga er lagt inn i konfirmantleiren, som varer i fem dagar (fire overnattingar). Her har vi også sosialt fokus. På leiren er det mange tilsette og mange frivillige ungdomsleiarar, som gjer ein stor innsats for at konfirmantleirane skal bli gode læremessige og sosiale arenaer. Konfirmantane som var på vinterleir fekk vere med på ein «normal» konfirmasjonsleir. Konfirmantane som var på sommarleir var med på «korona leir» som varte i tre dagar (to overnattingar). For å kunne ha eit sosialt fokus på denne forkorta leiren valde vi å gjennomføre digital sommarleir undervisning i forkant av leiren.
- **Tenesteoppgåver for konfirmantane i trusopplæringstiltak** Grunna koronasituasjonen har vi ikkje hatt anledning til å gjennomføre dette. Vi ønsker å få dette opp å gå så fort som mogleg. Vi meiner det er viktig at konfirmantane får erfare at dei er del av ein større heilskap, og at det er mange aktivitetar i kyrkja i regi av kyrkjelyden gjennom heile veka og heile året. Meistringsoppleving i oppgåvene er også viktig for konfirmantane.
- **Fasteaksjonen:** I 2020 vart fasteaksjonen gjennomført digitalt.

Husker du  
at du puttet på  
den penga  
i den bøssa  
og tenkte  
jaja en dråpe i havet  
så ble det plutselig  
en brønn

Trygve Skaug



## MILK

Nokre veker etter at konfirmasjonsgudstenestane er vel overstått, får konfirmantane tilbod om å delta på Minileiarkurs (MILK). Dette er eit viktig rekrutteringstiltak for Ulstein sokn, når det gjeld å dyrke fram leiarar til komande års konfirmantleir. Skuleåret 2020/2021 meldte 16 ungdommar seg til å delta på MILK. Dette er verdifull leiartrening både for kyrkje og samfunn, og ei investering vi som kyrkje dreg nytte av i åra framover.



**GODT ETABLERT:** 21. oktober fekk vi samla ca 40 ti-åringar til «Kode B», eit tiltak der dei lære om Bibelen. Ved å dele gruppene etter klassekohortar fekk vi avvikla Kode B på ein trygg og god måte.

## Oppslutnad

Vi opplever at mange tiltak har blitt godt etablert og mange av barna veit allereie at dei skal kome igjen og gler seg til neste tiltak. Personleg invitasjon gjennom brevsending er viktig for å nå ut. Etter at breva er sendt tek gjerne sosiale media over og påmeldinga skjer på nettet. Foreldre er ofte også aktive med å dele og invitere andre i kullet. Vi opplever det som avgjerande for ein god oppslutnad å vere aktiv i sosiale media.

Grunna covid-19 situasjonen, ser vi at nokre tiltak har hatt lågare oppslutnad enn tidlegare. Dette gjeld spesielt rett etter at det vart opna for at vi kunne starte opp igjen. Samstundes opplever vi at mange ser at kyrkja har tatt dette med smittevern på alvor. Dette har vore positivt på oppslutnaden på nokre av tiltaka. Andre tiltak har vi valt å køyre ut til medlemmane\*. I desse tilfella har vi 100% oppslutnad.

| Alder           | Trusopplæringstilbod                          | Oppslutnad i % |              |              |               | Snitt i %     |
|-----------------|---|----------------|--------------|--------------|---------------|---------------|
|                 |   | 2017           | 2018         | 2019         | 2020          | 2017-20       |
| 0               | Babysong                                      | 114            | 80           | 77           | 48            | 90            |
| 0               | Dåpssamtale                                   | 96             | 123          | 108          | 95            | 108           |
| 2               | Song, lunsj og utdeling av spisebrikke        |                | 18           | 43           | 97*           | 31            |
| 3               | 3 år i år                                     |                |              | 20           | 98*           | 20            |
| 4               | Undretur / Utdeling av 4-årsbok               | 57             | 84           | 88           | 95*           | 78            |
| 5               | Sauen som vart attfunnen - Leik og forteljing | 30             | 36           | 25           | (x)           | 30            |
| 6               | Dåpsskule. 5 samlingar, 2 gudstenester        | 44             | 56           | 57           | 43            | 50            |
| 7               | 1. klasse: Skapt                              | 55             | 51           | 71           | 61            | 49            |
| 7               | 2. klasse: Nytt liv + Hausttakkefest i kyrkja | 51             | 79           | 40           | 69            | 51            |
| 9               | 3. klasse: Tårnagent + gudsteneste            | 59             | 43           | 64           | (x)           | 50            |
| 10              | 5. klasse: Kode B                             | 0              | 34           | 33           | 43            | 20            |
| 11              | 6. klasse: LysVaken + gudsteneste             | 33             | 17           | 47           | (x)           | 32            |
| 15              | Konfirmasjon                                  | 91             | 97           | 91           | 94            | 94            |
| <b>Totalsum</b> |   | <b>54,8%</b>   | <b>56,5%</b> | <b>55,4%</b> | <b>74,30%</b> | <b>60,25%</b> |

\* Digitale sendingar, samt materiell køyrd ut til medlemmane.

(x) Trusopplæringstilbodet ikkje gjennomført i 2020

## Kontakt med barnehagar og skular

Kyrkja vår ligg i sentrum og nær den største barneskulen, dette er praktisk og gjer det mogleg for born å kome rett frå skulen for å delta på trusopplæringstiltak i kyrkja. Vi har og delt opp eit par av tiltaka, slik at disse vert halde nær barneskulane i krinsane (Skapt og Nytt Liv). Kyrkjerommet er eit skattkammer for undervisning. Symbolikken og interiøret fortel både lokal historie og verdshistorie, formidlar tru på ein heilt eigen måte og rommet inviterer til å ta ei pause frå alt anna.

Samstundes er kyrkjerommet veldig låst i oppsettet og ofte opplever vi tilsette det som direkte ueigna for å drive undervisning etter dagens premisser. Toalettforholda er under ein kvar standard, kyrkja er ikkje universelt utforma, det manglar grupperom, lagringskapasitet, serveringsmoglegheiter og moglegheit for å installere moderne verktøy for undervisning som barna er vande med frå skulesamanheng.

Covid-19 situasjonen har ikkje gjort dette betre. Vi ser behovet for grupperom, og korleis plassmangelen har ført til at vi i større grad må gjennomføre tiltak dobbelt for å halde oss til smittevernreglane.



## Oppsummering

Arbeidet med trusopplæringa har i 2020 vore prega av covid-19-situasjonen. Nokre av trusopplæringstiltaka finn til vanleg stad i tilknytning til ei gudsteneste. Barna tek aktivt del i gudstenesta og får eit godt forhold til kyrkjerommet og til gudstenestelivet. I 2020 har nokre gudstenester i år blitt spelt inn på førehand. Andre har blitt gjennomført med restriksjonar. Dette har ført til at borna ikkje i like stor grad som tidlegare år har kunne delta i gudstenestene.

Covid-19 sette sitt preg på 2020. Dette medførte mange endringar i trusopplæringa. Nokre tiltak måtte utsettast, andre tiltak måtte endrast og delvis digitaliserast. Vi opplevde ei større belastning spesielt fordi dei fleste tiltaka måtte gjerast fleire gongar for å overhalde smittevernreglar. Trass i covid-19 situasjonen klarte vi likevel å gjennomføre mange av dei faste trusopplæringstiltaka. Vi hadde også planar om å starte opp nytt tiltak for dei som er 18 år. Dette lèt seg ikkje gjennomføre då dei strenge innstrammingsane kom i november, men det står på kalenderen for 2021.

Vi ser fram til å kunne gå tilbake til det «normale», sjølv om vi ser at det normale kanskje vil vere slik det var før pandemien.

For undervisningsfeltet bør fokus for 2021 vere å rullere trusopplæringsplanen for Ulstein sokn. Dette skal gjerast ein gang i kvar soknerådsperiode. Vi bør ta ut av planen passive tiltak og tiltak som er prøvd ut, men ikkje fungerer.

Det er eit mål å få tiltaket «Endeleg ungdom» for 12-åringar (7. klasse) og «Myndigheitsfest» for 18-åringar opp å gå, i tillegg til å utvikle eit tiltak for 9-åringar (4. klasse).



## Komit e:

For Ulstein NMS:  
Inge Kaldhol

For Ulstein KFUK/KFUM:  
Kamilla Grimstad Hagen og  
Christina Grimstad Brekke.

For Ulstein sokn:  
Bj rn Losvik

## Torsdagskveld p  Fredheim

Torsdagsm ta p  Fredheim er eit samarbeid mellom Ulstein sokn, Ulstein KFUK-KFUM og Ulstein NMS. Desse tre partane har stilt med folk til ein planleggingskomit e. For Ulstein KFUK/KFUM kom det i 2020 inn to nye personar i komit een: Christina Grimstad Brekke og Kamilla Grimstad Hagen. Stor takk til Judit Grimstad Hatl y som har gjort ein stor innsats i komit een i mange  r! For Ulstein sokn er kateket Bj rn Losvik og kyrkjelydspedagog Ingrid Madli S ter. For Ulstein NMS har Inge Kaldhol vore kontaktperson. I 2020 har ogs  Cecilie Frantsen Skeide fr  sokner det vore engasjert i komiteen.

I eit normal r er det ynskjeleg med tre til fire samlingar pr. semester. 2020 har vore eit spesielt  r for alle, ogs  for torsdagskveldane p  Fredheim. Det vart berre gjennomf rt to samlingar, ei i v rsemesteret og ei i haustsemesteret.

### V rsemesteret:

**23.01** Film- og samtalekveld. Vi s g filmen «Disco» p  Sj borg kino, f r vi gjekk til Fredheim. Der hadde vi gode samtalar og diskusjonar rundt temaet filmen «Disco» tar opp. Ogs  ungdommane fr  Ulstein sokn sitt minileiarkurs deltok, eit positivt samarbeid som gjerne kan gjentakast.

I tillegg var det planlagt ein kveld i regi av NMS med tema misjon og bes k av r dgivar for misjon i m re bisped me. Denne kvelden vart avlyst etter at Noreg stengte ned grunna korona.

### Haustsemesteret:

20.10 Tema- og samtalekveld: Yoga – Uskuldig trim, eller religi s praksis? Innleiing av Linn Urke Osnes, som driv yogastudioet Yogano i Ulsteinvik, i tillegg til Iver-Olaf Grimstad og kateket Bj rn Losvik, f r det vart opna for samtale og debatt.

Det var ogs  planlagt ein songkveld, men denne vart avlyst etter ny nedstenging.



# Barn og unge - Saman for ein trygg oppvekst

**Fylgjande organisasjonar har Ulstein sokn eit regelmessig samarbeid med:**

## **Ulstein KFUK-KFUM**

Leiar: Magne Grimstad

## **Ulstein KFUK-KFUM speidarar**

Leiar: Birgitte Øvrelid /  
Christfried Kaul

## **KRIK Ulstein**

Leiar: Vegard Aksnes

## **NMSU**

Kontakt: Gunhild Bremer

## **Ulsteinvik søndagsskule**

Leiar: Christfried Kaul

## **Hasund søndagsskule**

Leiar: Margit Sundgot Aarland

## **Sunnmøre folkehøgskule**

Rektor: Arnt Ole Grimstad

## **Samarbeid med barne- og ungdomsorganisasjonane**

### **Ulstein KFUK-KFUM speidarar**

Ulsteinspeidarane halde per 31.12.2020 207 betalande medlemmar.

Speidersamlingane foregår i 12 ulike patruljer der gutar og jenter har samlingar for seg. Først i Roverlaget (vidaregåande) er det felles samlingar. Hovudleiarar: Christfried Kaul, Tord Aksnes.

Speidarane skriv i si årsmelding:

Med nokre månaders pause på våren har dei fleste patruljane halde møte også i eit år med mange restriksjonar for å vere saman. Speiding er ein av dei aktivitetane som kunne gjennomførast nesten heile tida under koronapandemien, og oppslutninga er framleis imponerende med nokre fleire medlemmer enn året før.

På grunn av koronarestriksjonane vart det ikkje gjennomført troppsmøte og juleleirbål, og også Hatløya- turen måtte vi stå over. Heller ikkje 17. mai-cafe og tombolasal på hausten vart det noko av. Krinsleiren på Flø, som mange hadde gledd seg til, kunne heller ikkje bli gjennomført.

Den første turen der fleire patruljer var saman igjen, var turen til Nettetelva. Rekordstort oppmøte vitna om at behovet for å møtast var stort. Nye rovarar har blitt tatt opp og på hausten vart også sniking, speidargudsteneste og kalendersalet avvikla som vanleg.

### **KRIK Ulsteinvik**

KRIK Ulsteinvik er eit aktivt miljø med 3 ulike aktivitetsgrupper og omlag 150 medlemmar, men dette inkluderer også familiemedlemar og støtte-medlemmar. Ung/VGs-KRIK: Kvar fredag. 15 i snitt pr samling.

Barne-KRIK: samlingar i vår, før korona: annankvar mandag. Snitt: 15 stk.  
Mini-KRIK: Samlingar i vår før korona, kvar mandag. Snitt 40 stk. Samlingar fom. sommaren: annankvar mandag. Nøyaktig 30 stk. kvar gong.  
Det har også vore arrangert den årlege KRIK- gudstenesta.

### **Ulsteinvik og Hasund søndagsskule**

Søndagsskulen i Hasund har hatt 10 deltakar i snitt, Ulsteinvik søndagsskule har delt grupper for dei yngste og for tårnagenter (frå 3. klasse og oppover), her var det 30 til saman i snitt. Begge har hatt litt redusert tilbod pga. Korona- situasjonen. Søndagsskulane har samlingar annankvar veke. I Ulsteinvik er søndagsskulen med i kyrkja i starten av gudsteneste for så å gå til Fredheim før tekstlesingane.

## Øvingstid:

Onsdagar: 19:00 - 21:30

## Betalende medlemmar:

Pr. 31.12.2020: 61 stk.

## Styret:

Dagni Myrene  
Heine Ljones Kulø  
Håvard Dimmen  
Ragnar Heimland  
Andreas Sundgot  
Jonetta Sundgot Aarland (vara)

## Ansvarleg vaksenleiar:

Ruben Voldsund

## Styreleiar:

Øystein Grimstad Thormodsæter

## Økonomileiar:

Merete Håheim

## Dansleiar:

Tuva Henriksen

## Filmleiar:

Victoria Myklebust

## Dirigent:

Anne Maria Langnes

## Bandleiar:

Ingrid M. Nygjerde

## Kontaktperson i Ulstein sokn:

Bjørn Losvik.

## Ulstein TenSing

### Ulstein Ten Sing skriv i si årsmelding:

Grunna Covid-19 flytta Ulstein Ten Sing øvingane sine til Sunnmøre Folkehøgskule ei lita stund frå mai til juni. Vi korta ned øvingane og fekk ikkje ha matordning. Ruben Voldsund starta ein liten podcast medan det var «lock-down», der han fekk forskjellige gjestar, hovudsakleg frå Ten Sing, på besøk og snakka med dei. Dette kunne resten av medlemmene høyre på kvar onsdag i nokre veker. Vi måtte ha Gospelnight digitalt der det vart strøyma ut til publikum via Facebook og YouTube, og måtte droppe det årlege juleballet.

### Høgdepunktene i året var:

Vintertreff 2020 i Ulsteinhallen  
Opptreden på Loen Skylift  
Opptreden på Ulsteinscena  
Opptreden i vaksenleiar Ruben sitt bryllaup  
Sommaravslutning  
Digital Gospelnight.

Frivillige frå Ulstein Ten Sing stod på forskjellige matvarebutikkar i Ulstein kommune og delte ut flyers til årets hjartevarmeaksjon. Ein gjeng frå UTS gjekk Luciatog og song på sjukeheimen.

Medlemstalet for våren 2020 var nokså stabilt. Vi har fått mange nye på øvingane, men det heldt fram med å vere eit lite problem å få folk til å melde seg inn som medlem. Likevel har vi hatt gjennomsnittleg 48 fram-møtte på kvar øving i 2020, som er enda meir enn fjoråret.

Motivasjonen i gruppa ser ut til å ha minka gradvis etter at pandemien braut ut, men dei er ved godt mot, stiller på øving, held avstanden så godt som råd, og bringer god energi til Fredheim. Vi utviklar oss stadig meir innan film og musikk, med flinke leiarar der det trengst. Vi ser nye dirigentar, pianistar og leiarar som er klare til å føre Ulstein Ten Sing vidare fram i åra som kjem, og vi gler oss og er stolte av UTS!



## Alive-festivalen 2020

Hausten 2020 vart det skipa til Alive-festival for 3. gong her i Ulsteinvik. Nær 120 deltakarar frå ulike kyrkjesamfunn deltok, og bispedømet hadde og lagt Ungdommens kirkemøte hit, etter at det måtte avlysast våren 2020. Soknet sitt bidrag var at prestevikar Stine Lerheim deltok på samlinga i lag med biskop Ingeborg Midttømme og Inger Marie Jakobsen Sylte. Lerheim var med på ein liten paneldebatt under Ungdommens kyrkjemøte ilag med biskopen og Arne Moltubakk (sokneprest i Ørsta). Her fekk vi mange interessante spørsmål frå ungdommane, og det vart ei fin stund i lag den formiddagen. Laurdag kveld var det ein enkel kveldsgudsteneste med nattverd i Ulstein kyrkje leia av biskopen. Fleire frivillege frå kyrkjelyden deltok som vakter og hjelpte til med matserving etc. under helga.

# Bygg og anlegg



## Ulstein kyrkje

Ulstein kyrkje har vore ei opa kyrkje også i 2020. Kyrkja sto, med nokre få vekers opphald, opa som vanleg tysdag - fredag mellom 09:00 og 15:00. Trass i at langt færre deltakarar kunne kome til kyrkja enn vanleg, har kyrkja hatt fleire brukstimar i 2020. Ulstein kyrkje er soknet sitt einaste lokale med areal som var stort nok til å kunne gjennomføre stabsmøte, soknerådsmøte og anna møteverksemd i tråd med smittevernsreglane. Kyrkjeromet har også vore lokale for dei fleste innspelingane for digitalt program.

### HMS og Ulstein kyrkje

Med skjerpa krav til hyggene og krav om større avstand mellom folk har vi nok ein gong merka tydeleg dei mange vanskar eit slikt bygg betyr for arbeidet som skal gjennomførast. Den stadige vaskinga og flytting av kyrkjebenkane har vore med å forsterke slitasjen på Ulstein kyrkje også i 2020. Svært avgrensa areal rundt alterringen og ved området ved trappa opp til alterrommet har gjort det utfordrande for dåpsfølgjet, for kor, musikkarar og andre aktive under arrangement å halde pålagt avstand. Til julenattineen og ein av julegudstenestene har vi leigd Sjøborg. Vi er takksame for eit ukomplisert samarbeid med kulturetaten i kommunen om dette.

### Vedlikehald og oppgradering

Vedlikehald av kyrkjebygg har gått nokre viktige steg framover. Etter grundig dialog med riksantikvaren har det blitt bestilt fire nye ytterdører til kyrkja. Det vart starta arbeid med å fornye oppvarmingsanlegget til kyrkja like før det også vart lansert ei stønadsordning av Riksantikvaren for slikt arbeid i listeførte kyrkjer. Det er også starta planleggingsarbeid for å oppgradere våpenhuset og kjellaren under.

Tidleg i korona-pandemien vart det sett i gang ei stor oppgradering av kyrkjerommet med infrastruktur, utstyr og programvare for å kunne vere til stades på den digitale arenaen. Det vart lagt nettverk med accesspunkt fordelt i heile kyrkja for tilkobling av utstyr, og kyrkje fekk lagt inn fiberkabel for god tilgang til internet.



## Ulstein nye kyrkje

Det er heilt tydeleg at Ulstein kyrkje snarleg treng ei avlastning for å kunne blitt tatt vare på som Ulstein sitt fremste og mest verdifulle historiske bygg også for nye generasjonar. Våren 2020 har dette vore eit tema vi har løfta fram. I sitt junimøte drøfta Ulstein kommunestyre investeringar som er naudsynte for Ulstein kommune dei neste 10 år. Bygging av Ulstein nye kyrkje fekk plass i denne planen frå 2026 av. Dette er eit viktig steg vidare mot ei ny kyrkje. Soknet vart også utfordra til å bearbeide prosjektet vidare for å redusere kostnadene.

Det er framleis god oppslutnad om gjevarteneste for Ulstein nye kyrkje. Meir enn 60 personar bidreg kvar månad med faste beløp og aukar dermed eigenkapitalen for bygging av ei ny kyrkje. Ved slutten av 2020 hadde vi oppnådd ein eigenkapital på litt under kr. 6 mill.



Kyrkja gir himmelhåp gjennom livets tider, og det ynskjer vi at borna våre skal ta med seg på livsvegen sin. Eit nytt kyrkjebygg vil forenkle og forbetre trusopplæringsarbeidet. Vi treng ei ny kyrkje som er eigna til det.

Silje Grimstad Tvedt



ULSTEIN KYRKJE  
Tusenårlig bygd



Vi må tenke langsiktig og sjå det store biletet. Ei ny og moderne kyrkje vil styrke Ulstein-samfunnet.

Dag-Johan Skarba



ULSTEIN KYRKJE  
Tusenårlig bygd



Med eit nytt og framtidsretta bygg vil kyrkja vere godt rusta til å yte omsorg til innbyggjarane i Ulstein.

Norunn Kirkebe Eide



ULSTEIN KYRKJE  
Tusenårlig bygd



Ei kyrkje er for oss som familie så mykje meir enn berre ei søndagsgudsteneste. Kyrkja er fellesskapet. For å skape rom for fellesskapet treng vi rom for heile familien, i alle tider på døgnet, livet gjennom.

Ole Terje Sukka



ULSTEIN KYRKJE  
Tusenårlig bygd

## Kyrkjegardane

### Osnes kyrkjegard

Ei ny opptelling av ledige graver på Osnes kyrkjegard i oktober 2020 viste 571 ledige graver. Det er ikkje mange år igjen før vi treng å utvide gravplassen på ny. Ulstein kommune fekk dessverre endeleg avslag om å utvide gravplassen mot sør eller aust ved den eksisterande gravplassen. Kommuneadministrasjonen har sett i gong ein ny prosess med å finne eit eigna område for å utvide gravplassen eller etablere ein ny.

Samstundes har ein tanken utvikla seg, om å etablere ein namna minnelund på eksisterande kyrkjegard på Osnes. Eit namna minnelund vil vere eit langt meir rimeleg alternativ for brukarane, og gjere stell av grava vesentleg enklare for pårørande. Vi har også sett ein tydeleg trend i retning av fleire kremasjonar og urnenedsettingar. Av 58 gravlagde i Ulstein var det 10 urnenedsettingar i 2020. Ein reknar med at ei etablering av namna minnelund og urnefelt vil auke bruk av kremasjon og urnenedsetting.

Ulstein kyrkjelege fellesråd har i samarbeid med Ulstein historielag sett ned ei arbeidsgruppe som jobbar med forslag om å etablere eit namna minnelund allereie på eksisterande Ulstein kyrkjegard. Forslaget vart presentert for Ulstein kommunestyre, og i budsjettet for 2021 løyvde dei investeringsmidlar til å etablere ein namna minnelund på Osnes. Auka bruk av kremasjon og urnenedsetting vil føre til at ein treng å ta i bruk langt mindre areal for utviding / nyetablering av ny gravplass.

### Ulstein gamle kyrkjestad

Den første kyrkjeplassen i Ulstein kommune var plassert ved den siste hamna før kryssing av Breisundet vidare til Giske eller Borgund. Etter at kyrkja vart flytta til Ulsteinvik sentrum står det nokre gravminne att, den mest verdifulle etter Christoffer Rønneberg. Støttemuren for Ulstein gamle kyrkjestad har tatt skade over tid, mange steinar har rasa ut på nordsida.

Staden kan bli betre tilrettelagt som ein stad å stoppe for pilegrimar som kjem sjøvegen, men også for turfolk på småturar. Saman med dei gamle gravrøysene ville staden også kunne løfte fram historien på Ulstein. Saman med kulturkontoret har soknet søkt midlar i 2019 for å utvikle staden som eit meir aktivt ledd på kystpilegrimsvegen. Det er løyvd kr. 40.000,- som ikkje er brukt enda.

### Kyrkjegarden ved Ulstein kyrkje

Arbeidsgruppa som jobbar med forslag for namna minnelund på Osnes kyrkjegard har også som mål å vurdere vernestatus på dei ulike gravminna som står att på Vik kyrkjegard. Det er ei målsetting å dokumentere historisk verdi på ulike gravminne og å utarbeide ein verneplan for området.

## Kyrkjekontoret

Kyrkjekontoret ligg i andre etasje i Sjøgata 61. Alle har kontor plass, men det er mangel på samtalerom til ulikt bruk. Tilkomsten er ikkje universelt utforma, og byr på utfordringar for brukarar. Også tilkomst, areal og standard på toalettet er alt for dårleg for eit offentleg kontor, og ikkje mogleg å bruke for dei som kjem i rullestol. Det har i 2019 ikkje blitt gjennomført større endringar eller vedlikehaldsarbeid på kontoret.

# Økonomi

Styring av økonomien har vore ein krevjande prosess i 2020 i lys av alle utfordringane Korona- pandemien har påført oss. Men situasjonen har også opna nokre dører for å kunne utvikle arbeidet vidare på fleire område. På grunn av god avkastning i KLP-fonda har pensjonsutgiftene vore langt mindre enn budsjettert med. Saman med nokre stønadsordningar frå Kyrkjerådet, bispedømerådet og Kulturrådet har dette gitt oss føresetnader til å kunne gjennomføre langt meir enn vi frykta, vi fekk utvikle oss som kyrkje på den digitale arena og dekke dei fleste ekstrakostnadene pandemien har påført oss. Til saman har korona- pandemien påført oss ekstra kostnader på kr. 347.000. Vi har også kunne fornye det tekniske utstyret på kyrkjegarden yttarlegare ved å kjøpe ny traktor (brukt) og ny arbeidsbil (brukt) til ein samla verdi på kr. 400.000. Ved hjelp av eit ekstra driftstilskot på kr. 170.000 fekk vi produsere fire nye yttardørene til kyrkja som vil bli sett inn etter påska 2021. Ulstein sokneråd/Ulstein kyrkjelege fellelråd vedtok i sitt møte 24.mars å disponere det rekneskapsmessige overskot på kr. 192.517,- til ungdomsarbeidarstilling, automatisk ringeanlegg og auke av disposisjonsfond.

## Offer, kollekt og gåver

Med langt færre deltakarar til stades i gudstenester har også gåvene i kollekten vore mindre. Mens kollekt til eiga verksemd nesten har vore halvert har kollekten til eksterne føremål vore på nesten same nivå som året før. Det vitnar om framleis stor gjevarglede – også frå dei som tek del i gudstenester på skjerm. Med færre innsamlingsarrangement har det også kome inn mindre gåver til Ulstein nye kyrkje. Gjennom faste gjevaravtaler kjem det framleis årleg inn meir enn kr. 500.000 til dette føremålet.

Gjevargledda har vore ekstra stor i 2020 ved Hjarvevarmeaksjonen. Sjølv om økonomien i dette samarbeidsprosjektet ikkje går gjennom soknet sin rekneskap er det verdt å nemne at det vart vippsa inn meir enn kr. 50.000 frå privatpersonar i tillegg til mange fulle handlevogner i matbutikkane. Dette har sikra ei litt varmare jul for mange i Ulsteinvik.

## Kyrkjebyggarar i vår tid

Gjevaravtalane gjennom Kyrkjebyggar i vår tid har auka soknet sin eigenkapital til kr. 5,6 mill i 2020.

## Driftstilskot til Ulstein kyrkjelege fellelråd/Ulstein sokneråd

**Ulstein kyrkjelege fellelråd har fått kr. 5.619.278 tilskot frå Ulstein kommune til å utføre følgjande oppgåver følgjande oppgåver:**

- S100: Administrasjon: kr. 2.280.993 (1,55 årsverk + drift)
- S200: Kyrkja: kr. 1.252.010 (1,28 årsverk + drift + kr. 270.000 til vedlikehald)
- S300: Gravferdsforvaltning/drift av gravplass: kr. 933.891 (1,41 årsverk + drift)
- S410: Kyrkjeleg undervisning: kr. 469.223  
(0,5 årsverk + 85.000 undervisningsmateriell og leige av undervisningslokale)
- S420: Diakoni: kr. 292.002 (0,5 årsverk)
- S430: Kyrkjemusikk: kr. 391.159 (0,5 årsverk)

**Ulstein sokn har fått kr. 1.470.839 frå Møre bispedømeråd (Rettssubjekt Den norske kyrkja) til å utføre følgjande oppgåver:**

- S410 Lønstilskot kateketstilling (0,5 årsverk)
- S420 Lønstilskot diakonstilling (0,5 årsverk)
- S411 Tilskot trusopplæring (løn 0,9 årsverk)
- Korona- stønad for levering av digitale kyrkjelege tilbod: kr. 90.000

**Ulstein sokn har fått kr. 148.702 frå Staten til å utføre følgjande oppgåver:**

- løn- og inkluderingstilskot 5 månader for midlertidig utviding av kyrkjegårdsarbeidarstilling
- koronatilskot for dekking av underskot for konsertverksemd.

**Ulstein sokn har fått kr. 101.700 barnehagetilskot frå Ulstein kommune for å drive Byggeklossen open barnehage.**



## Resultatrekneskap 2020 for Ulstein sokn

|   | Rekn 2020          | Bud 2020           | Rekn 2019          |
|---|--------------------|--------------------|--------------------|
| <b>Driftsinntekter:</b>                           |                    |                    |                    |
| Brukarbetalingar, sal, avgifter og leigeinntekter | -676.118           | -861.100           | -                  |
| Refusjonar og overføringar                        | -3.856.589         | -3.735.520         | -3.431.799         |
| Statlege tilskot                                  | -1.619.541         | -1.327.000         | -                  |
| Tilskot frå Ulstein kommune                       | -6.623.077         | -5.421.994         | -7.046.776         |
| Andre tilskot, gáver og innsamla midlar           | -846.837           | -588.600           | -1.265.366         |
| <b>SUM DRIFTSINTEKTER</b>                         | <b>-13.622.162</b> | <b>-11.934.214</b> | <b>-11.743.941</b> |
| <b>Driftskostnader:</b>                           |                    |                    |                    |
| Løn og sosiale utgifter                           | 5.401.459          | 5.853.141          | 573.634            |
| Kjøp av varer og tenester                         | 2.345.262          | 1.983.629          | 22.864             |
| Refusjonar og overføringar                        | 4.157.329          | 4.124.994          | 6.383.396          |
| Tilskot og gáver                                  |                    |                    | 81.822             |
| <b>SUM DRIFTSKOSTNADAR</b>                        | <b>11.904.050</b>  | <b>11.961.764</b>  | <b>7.061.716</b>   |
| <b>BRUTTO DRIFTSRESULTAT</b>                      | <b>-1.718.112</b>  | <b>27.550</b>      | <b>-4.682.225</b>  |
| <b>Finansinntekter/-utgifter:</b>                 |                    |                    |                    |
| Renteinntekter                                    | -108.874           | -40.000            | -2.846.054         |
| Renteutgifter og lånekostnader                    | 33.223             | 45.000             | -125.219           |
| Avdrag på lån                                     | 1.013.065          | 114.000            | 125.437            |
| Kjøp av andelar                                   |                    | 12.000             | -                  |
| <b>NETTO FINANSINTEKTER/-UTGIFTER</b>             | <b>937.414</b>     | <b>131.000</b>     | <b>-2.845.836</b>  |
| Avskrivningar                                     | 586.668            | -                  | 971.885            |
| Motpost avskrivningar                             | -586.668           |                    | 523.080            |
| <b>NETTO DRIFTSRESULTAT</b>                       | <b>-780.698</b>    | <b>158.550</b>     | <b>7528.061</b>    |
| <b>Avsetningar:</b>                               |                    |                    |                    |
| Dekning av tidlegare års underskot                |                    |                    | -212.261           |
| Avsetjing til disposisjonsfond                    | 680.687            |                    | -                  |
| Avsetjing til bundne fond                         | 625.871            |                    | 205.386            |
| Overføring til investeringsrekneskap              | 43.810             | 60.000             | 1.137.396          |
| <b>SUM AVSETNINGAR</b>                            | <b>1.350.368</b>   | <b>60.000</b>      | <b>1.130.521</b>   |
| <b>Bruk av avsetningar:</b>                       |                    |                    |                    |
| Disponering av tidlegare års overskot             | -680.687           |                    | - 1.874.169        |
| Bruk av ubundne fond                              | -65.000            | -195.000           | 205.386            |
| Bruk av bundne fond                               | -17.950            | -23.550            | -                  |
| <b>SUM BRUK AVSETNINGAR</b>                       | <b>-763.637</b>    | <b>-218.550</b>    | <b>-2.079.555</b>  |
| <b>REKNESKAPSMESSIG MINDRE/MEIRFORBRUK</b>        | <b>-193.967</b>    | <b>-</b>           | <b>-8.477.095</b>  |

Forklaringar til tabell:

\* Grunna korona var fasteaksjonen heildigital og gjekk ikkje gjennom soknet sin rekneskap. Kirkens nødhjelp opplyser på sin heimeside at innbyggjarar i Ulstein har samla inn kr. 102.728

\*\* Også i 2019 vart det gitt ein del gáver utanom soknet sitt reknskap. Kirkens nødhjelp opplyser på sin heimeside at innbyggjarar i Ulstein har samla inn kr. 113.184

# Informasjon og kontakt

---

## **Opa kyrkje og ope kontor**

Tysdag til fredag er Ulstein kyrkje open for besøk mellom 09:00 og 15:00. Sjølv om det er mykje organisert aktivitet i kyrkjerommet er det også mange som bruker kyrkjerommet til ei pustepause, til ettertanke og bøn. Å ha ei open kyrkje er viktig for å vere tilgjengeleg som kyrkje. Også kyrkjekontoret er ope tysdag til fredag 10:00-14:00 for publikum. Trass i auka bruk av digital kommunikasjon er den personlege kontakten med tilsette gjennom eit ope kontor viktig. Vi har hatt spesielt fokus på å vere tilgjengelege dette året.

## **Kyrkjesida i Vikebladet/Vestposten**

Med kyrkjesida i Vikebladet når vi fram til dei fleste husstandene gjennom papiravisa. Denne ordninga er verdifull med tanke på at kyrkja kan nå ut til sine ca. 6.600 medlemar. Kyrkjesida kjem på trykk annankvar veke i veksel og samarbeid med Hareid slik at vi veke for veke får informere om aktivitetane i kyrkjelyden.

## **Nettsider og sosiale media**

Det har vore ein solid vekst i bruken av Facebook som informasjonskanal, både for informasjon, påmelding og gjennom grupper for ulike typer aktivitetar. Men også til formidling av alle dei digitale produksjonane gjennom året. Også heimesida til Ulstein sokn, [www.ulsteinkyrkje.no](http://www.ulsteinkyrkje.no) er ei viktig kjelde for informasjon og er lagt opp slik at det skal vere lett å finne informasjon om kyrkjelege handlingar, gudstenesteliv og kyrkjelydsarbeid. Dei fleste brukar påmeldingsløyisinga på heimesida vår for å melde barna til dåp, ungdom til konfirmasjonsundervisning eller barna til trusopplæringstiltak.

## **Kontakt med Ulstein kommune**

Soknet har eit godt samarbeid med Ulstein kommune. Ordføraren er kommunen sin representant i Ulstein kyrkjelege fellesråd, og dette er med på å verdsette kyrkja sitt arbeid og gjev oss ei viktig kontakt inn i dei politiske organa. Gjennom ein samarbeidsavtale med Ulstein kommune får Ulstein sokn føreseielege rammer for arbeidet. Det er eit godt samarbeidsklima med kommuneadministrasjonen, og gjennom tenesteytingsavtalen får soknet levert rekneskapstenester, administrering av lønn for tilsette og praktiske tenester knytt til arbeid på kyrkjegarden.

## **Kontakt med prosten i Søre Sunnmøre**

Prosten leiar prestetenesta i prostiet og er med dette næraste overordna for prestane. Gjennom prosten sitt initiativ har vi ein årleg prostdag for alle tilsette i prostiet. Prosten deltek også regelmessig på samlinga til kyrkjevergene og har årlege møte med stab og sokneråd.

## **Kontakt med Møre Bispedømeråd**

Ulstein sokn får kompetansetilskot til kateketstillinga og til diakonstillinga. Tilskotet utgjer 50% av lønskostnadene til desse stillingane. Ulstein sokn mottok også årleg tilskot for trusopplæring. Dette arbeidet skjer etter ein godkjent plan og er utvida sidan soknet i 2014 mottok tilskotet for første gong.

# Epilog

---

No har du fått eit innblikk i arbeidet som har vore gjort i regi av Ulstein sokn i 2020. Og som det går fram av årsmeldinga så er det eit omfattande fellesskap vi er ein del av som tilsett, tillitsvald, frivillig, medlem i soknet og innbyggjar i Ulstein.

Og det er grunn til å vere takksame for det arbeidet som er gjort og den innsatsen som blir lagt ned, både av tilsette, frivillige og av dei vi samarbeider med. I fellesskap har vi fått til mykje, sjølv om rammevilkåra (les Coronakonsekvensar) har vore utfordrande og skiftande. Og det bør vi vere stolte av. Takk til alle!

I årsmeldinga er det gjort greie for korleis dei ulike arbeidsoppgåvene er gjennomførte, kva som har vore vanskeleg – ja nærast uråd å få til – og korleis ein på kreativt vis har fått til noko som fungerer rimeleg bra. Men det har og tydeleggjort og synleggjort at vårt arbeid og vårt fellesskap, er sårbare. Og når dette er over, ligg det her ei felles utfordring og eit felles ansvar, både som tilsett, tillitsvald og som kyrkjeven. Korleis reetablere det som har blitt skadelidande i denne perioden.

For dei fleste av oss har 2020 vore eit år som har blitt annleis enn det vi såg for oss. Både for oss som einskildmenneske, for oss som medlemmer i ein kyrkjelyd og som borgarar i det lokalsamfunnet vi er og vil vere ein del av. Vi kjenner på saknet av folk og fellesskap.

Men likevel:

Takk for at vi har kvarandre, og ikkje minst for at vi har Guds himmel over våre liv!



*Odd Arne Vikebakk*

- Leiar sokneråd og fellesråd -

*Ulstein Sokn*  
*Årsmelding 2020*

[www.ulsteinkyrkje.no](http://www.ulsteinkyrkje.no)



**DEN NORSKE KYRKJA**

*Meir himmel på jorda*